



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 18.02.2021
Tid: Kl. 09:00 - 18:45

Følgjande medlemmer møtte

Parti

Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Kim Gunnar Jensen	Kinn AP
Lars Terje Standal	Kinn AP
Leif Magne Gil	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Ronny Cassells	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Kine Andersen Nygård	Kinn MDG
Odd Bovim	Kinn MDG
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Sunniva Audardottir Oldeide	Kinn Rødt
Asgeir Olav Solheim	Kinn SP
Fredrik Smiley Egeberg	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Randi Hagevik Aare	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Tom Andrè Vedvik Hopland	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V
Jan Henrik Nygård	Kinn V

Forfall

Hanne Eva Husebø Kristensen
Kristian Skibenes

Parti

Kinn H
Kinn H

Varamedlem

Bengt Solheim-Olsen
Mats Brunsvik

Parti

Kinn H
Kinn H

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Leif Magne Gil	21/7316	Inger Strand Kvalheim, Kinn Ap	Gil er styremedlem i Nordfjord Havn IKS
Geir Ole Oldeide	21/7316	Hege Chatrine Brandsøy, Kinn Raudt	I familie med styreleiar
Morten Andreas Hagen	21/7316	Linda Vika-Sværd, Kinn Høgre	Tidlegare styremedlem

Frå adm. møte: Terje Heggheim, Linda Myhre Larsen, Rolf Bjarne Sund, Arne Schei.


Ymse

- Kl. 12.00 til 12.15: Utdeling av prisar ved Leif Magne Gil i OK-utvalet.
- Doris Christensen erstattar Silje Ødegård Standal kl. 14.28
- Kl. 18.00 forlet følgjande representantar møtet under handsaming av sak 020/21
Interpellasjonar/spørsmål: Bente Nygård (AP), Fredrik Egeberg (SP), Mats Brunsvik (H), Vidar Grønnevik (H), Anders Ole Sunnarvik (AP), Jan Arve Midtbø (SP) og Jan Henrik Nygård.

Ola Teigen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll
003/21	Refererte skriv og meldingar
004/21	Kinn kontrollutval - Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - utskrift
005/21	Kontrollutvalet: Oppfølging av selskapskontroll av Nordfjord havn IKS
006/21	Kontrollutvalet - Årsmelding 2020
007/21	Kontrollutvalet - Årsplan 2021
008/21	Lovlegkontroll på val av kontrollutval
009/21	Deltaking i Digi-Vestland
010/21	Endring av rammer for fastsetting av parkeringavgift i Florø
011/21	Rapport brukarundersøking i Omsorgstenestene i Kinn kommune 2020
012/21	Framtidig institusjonsstruktur for auka kapasitet, og bruk av Florø Sjukehus
013/21	Grensejustering Bryggja - godkjenning av meklingsprotokoll
014/21	Plan for flytting av Skram skole til modulskulen på Tennebø
015/21	Reservevasskjelde Florø vassverk - Framdriftsplan
016/21	Sluttbehandling - Detaljregulering for Steinvik, gbnr 88/6 mfl - akvakultur/visningssenter/museum
017/21	Retningslinjer kunst for OK-utval
018/21	Søknad om skjenkeløyve - Pop-Up Norge AS
019/21	Klage på vedtak om godtgjersle til varaordførar
020/21	Interpellasjonar/spørsmål
001/21	Interpellasjon til kommunestyret
002/21	Interpellasjon fra Kinn SP - Utsteding av parkeringsbevis for bevegelseshemmede i Vågsøy
003/21	Spørsmål om oppfølging av plan og byggesak
021/21	Innspeil til RTP – 1. gongs handsaming – delegering av mynde til samferdsleutvalet



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/7455
Sakshandsamar: Arne Schei
Dato: 11.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/21	Kommunestyret	18.02.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknader

Godkjenning av sakliste:


Godkjent. Ekstrasak utsendt dagen før om delegering av mynde til samferdsleutvalet vert handsama før interpellasjonane.

Votering:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 001/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/21	Kommunestyret	18.02.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Daniel Henrikson hadde følgjande merknader: mange tabellar og mykje å bla seg gjennom, kanskje heller link.

2. tertialrapport var det oppdaga ein feil vedr. budsjettendring på Vågsøy brannstasjon. Det vart i følgje adm. stadfesta at det var ein feil og at det måtte rettast opp igjen i ettertid. Eg syns at det burde vere med i protokollen slik at ein kunne følgje opp det.

Det er synd at den nederste interpellasjonen ikkje er med slik at ein kan forstå kva det handlar om, og vedtaket er feil og det manglar røystegjeving. Ein burde kanskje gå inn i videoen og sjå kva som skjedde.

Ordførar: Då noterer vi oss det, Daniel, og sidan innvendingane var såpass omfangsrike, så kanskje vi bør utsette godkjenning av protokollen til neste møte sånn at vi får klarheit i dine påpekningar. Vi utset godkjenning av møteprotokollen til møtet i mars.


KOST- 002/21 Vedtak:

Godkjenning av protokoll utsett til kommunestyremøtet 25. mars.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyre - 17.12.2020



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/21	Kommunestyret	18.02.2021

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

001/21, Kinn - Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 08.12.2020

002/21, Kinn - Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 29.01.2021

003/21, Vedtak fra Nordfjord Fiskarlag - Vindmøller langs kysten og til havs

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:


Votering:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

KOST- 003/21 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/21	Formannskapet	09.02.2021
004/21	Kommunestyret	18.02.2021

Kinn kontrollutval - Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - utskrift

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet viser til informasjonen som kjem fram i:

- denne saksutgreiinga
- revisor sin uttale av 11.05.2020
- dokument frå Kommunedirektøren

og meiner at dette samla gir eit bilete av rekneskapen for Fellesnemnda i perioden 2017 – 2019, som kan godkjennast.

Formannskapet 09.02.2021:

Handsaming:

Saka vert trekt frå formannskapet og går direkte til kommunestyret.

FORM- 005/21 Vedtak:

Saka går til kommunestyret

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Røysting:

Framlegget til vedtak frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

KOST- 004/21 Vedtak:

Kontrollutvalet viser til informasjonen som kjem fram i:

- denne saksutgreiinga
- revisor sin uttale av 11.05.2020
- dokument frå Kommunedirektøren

og meiner at dette samla gir eit bilete av rekneskapen for Fellesnemnda i perioden 2017 – 2019, som kan godkjennast.

Bakgrunn for saka:

Sjå utskrift frå Kontrollutvalet som ligg som vedlegg til saka.

Saksopplysningar:

Sjå utskrift frå Kontrollutvalet som ligg som vedlegg til saka.

Vurderingar:

Sjå utskrift frå Kontrollutvalet som ligg som vedlegg til saka.

Økonomiske konsekvensar:**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:****Vedlegg i saken:**

KI 01-21 Sak 04-21 Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport fellesnemnda Kinn kommune - utskrift

KI 01-21 SAK 04-21 Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - Vedlegg 1. Taloppstilling frå kommunedirektøren av 04.12.2020

KI 01-21 SAK 04-21 Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - Utskrift

KI 01-21 SAK 04-21 Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - Vedlegg 2 - Alternativt oppsett frå kommunedirektøren 04.12.2020.

KI 01-21 SAK 04-21 Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - Vedlegg 4. Informasjon frå revisor 11.05.2020

KI 01-21 SAK 04-21 Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - Vedlegg 5. Revisjonsmelding frå Vestland Revisjon datert 11.05.2020.


KI 01-21 SAK 04-21 Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - Vedlegg 6. Sluttrapport og årsrapport 2019 Fellesnemnda.

KI 01-21 SAK 04-21 Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - Vedlegg 7. Spesifisert saldoliste for prosjektperiode 2017-2019 motteke 11.05.2020.

KI 01-21 SAK 04-21 Rekneskap, årsrapport 2019 og sluttrapport Fellesnemnda Kinn kommune - Vedlegg 8. Saksframlegg og vedtak i sak 54-20 i kontrollutvalet 03.06.2020.

Vedlegg 3 - Stadfesting frå revisor datert 07.12.20 vedk filer motteke frå kommunedirektøren 04.12.2020

KI 01-21 SAK 04-21 REKNESKAP, ÅRSRAPPORT 2019 OG SLUTTRAPPORT FELLESNEMNDA KINN KOMMUNE - UTSKRIFT



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/21	Kommunestyret	18.02.2021

Kontrollutvalet: Oppfølging av selskapskontroll av Nordfjord havn IKS

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek oppfølging av selskapskontrollen i Nordfjord Havn **IKS**, j fr. kommunestyresak i Vågsøy sak 085/19, med heimel i kommunelova § 23-6 (Innsyn og undersøkingar i selskap og liknande), innanfor følgjande fokusområde:
 - a. Etterleving av vedtak og regelverk i samband med mottatte tilskott til fiskerikaier.
 - b. Økonomiske transaksjonar i samband med industriområdet i Barstadvika, avgrensa til:
 - om nokon av aktørane i prosjektet kan ha fått fordelar gjennom ulovleg subsidiering
 - om Nordfjord Havn IKS har gjort anskaffingar som etterpå er bortfesta til andre.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å foreta mindre endringar av mandatet.
3. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre konkurranseutsetjing av dei ovanfor nemnde kontrolloppgåvene i samsvar med anskaffelsesregelverket.
4. Finansiering skal vere over kontrollutvalet sitt budsjett og kan ikkje gjennomførast med mindre nok midlar vert løyvde i budsjettet for 202 1.
5. Ein førebels prosjektrapport, som grunnlag for rapportering til kommunestyret, skal ligge føre hjå kontrollutvalet seinast i mars 202 1.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne
I pkt. 5: "mars 2021" vert endra til "mai 2021".

Tilleggsforslag, nytt punkt:, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Uavhengig av mandatet som i denne saka blir gjeve til kontrollutvalet ber kommunestyre
kommunedirektøren greie ut om kostnaden som denne saka genererer kan og bør dekkast heilt eller delvis av føretaket.

Tilleggsframlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Uavhengig av mandatet som i denne saka blir gjeve til kontrollutvalet ber kommunestyret
eigarrepresentanten i selskapet ta opp om kostnaden som denne saka genererer kan og bør dekkast

heilt eller delvis av føretaket.

Tilleggsframlegg frå Krf/(H). Vi ber om at det vert votert over pengebruk før ein voterer over gjennomføring av kontroll, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti
Det vert sett ei øvre grense for bruk av midlar til gjennomføring av kontrollen på kr 500.000,-

Om habilitet:

Geir Oldeide stiller spørsmål om eigen habilitet sidan han har ein bror, Stig, som var styreleiar. Sunniva Oldeide vil også ha habilitetsvurdering på grunn av at broren til Geir er hennar onkel. Morten Hagen spør om habilitet som tidlegare styremedlem. Daniel Henrikson spør også om habilitet fordi han er i familie med Sunniva og Geir.

Røysting om habilitet:

Morten Hagen: samrøystes vurdert som inhabil. Geir Oldeide: samrøystes vurdert som inhabil. Leif Magne Gil: samrøystes vurdert som inhabil.
Sunniva Oldeide: samrøystes vurdert som habil. Daniel: samrøystes vurdert som habil. Hege Brandsøy stiller som vara for Geir Oldeide og Linda Vika-Svård for Morten Hagen og Inger Strand Kvalheim for Leif Magne Gil

Handsaming:

Djuvik sitt framlegg vert endra til eigarrepresentane (fleirtal)
Høgre ønskjer eit tak på kr. 500 000
Framlegget til Venstre vert trekt.

Røysting:

Framlegget til vedtak frå kontrollutvalet samrøystes vedteke.
Tilleggsframlegget til nytt punkt frå Djuvik vart samrøystes vedteke.
Endringsframlegg til MDG v/ Bovim vart samrøystes vedteke.
Tilleggsframlegget til Høgre og Krf vart vedteke med 21 røyster mot røystene til Frp, SP, SV, Rødt og MDG

Mot: Frp, Rødt, Sp, SV

KOST- 005/21 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek oppfølging av selskapskontrollen i Nordfjord Havn **IKS**, j fr. kommunestyresak i Vågsøy sak 085/19, med heimel i kommunelova § 23-6 (Innsyn og undersøkingar i selskap og liknande), innanfor følgjande fokusområde:
 - a. Etterleving av vedtak og regelverk i samband med mottatte tilskott til fiskerikaier.
 - b. Økonomiske transaksjonar i samband med industriområdet i Barstadvika, avgrensa til:
 - om nokon av aktørane i prosjektet kan ha fått fordelar gjennom ulovleg subsidiering
 - om Nordfjord Havn IKS har gjort anskaffingar som etterpå er bortfesta til andre.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å foreta mindre endringar av mandatet.
3. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre konkurranseutsetjing av dei ovanfor nemnde kontrolloppgåvene i samsvar med anskaffelsesregelverket.
4. Finansiering skal vere over kontrollutvalet sitt budsjett og kan ikkje gjennomførast med mindre nok midlar vert løyvde i budsjettet for 2021.
5. Ein førebels prosjektrapport, som grunnlag for rapportering til kommunestyret, skal ligge føre hjå kontrollutvalet seinast i mai 2021.

6. Uavhengig av mandatet som i denne saka blir gjeve til kontrollutvalet ber kommunestyret eigarrepresentantane i selskapet ta opp om kostnaden som denne saka genererer kan og bør dekkast heilt eller delvis av føretaket.

7. Det vert sett ei øvre grense for bruk av midlar til gjennomføring av kontrollen på kr 500.000,-

Bakgrunn for saka:

Sjå vedlegg.

Saksopplysningar:

«Skriv her»

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Oppfølging av selskapskontroll av Nordfjord Havn IKS

Følgjeskrift(125415)


Vedlegg 1(125416)

Vedlegg 2(125417)

Vedlegg 3(125418)

Vedlegg 4(125419)

Oppfølging av selskapskontroll av Nordfjord Havn IKS(125420)



Saksframlegg

Saksnr.	Utal	Møtedato
006/21	Kommunestyret	18.02.2021

Kontrollutvalet - Årsmelding 2020

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2020 til vitande.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

KOST- 006/21 Vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2020 til vitande.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet legg fram si årsmelding for 2020, utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysningar:

«Skriv her»

Vurderingar:

«Skriv her»


Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/21	Kommunestyret	18.02.2021

Kontrollutvalet - Årsplan 2021

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek kontrollutvalet sin årsplan for 2021 til vitande.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

KOST- 007/21 Vedtak:

Kommunestyret tek kontrollutvalet sin årsplan for 2021 til vitande.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet legg fram årsplan for 2021, utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysningar:

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:


«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

KI 01-21 SAK 07-21 ÅRSPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2021. UTSKRIFT



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/21	Kommunestyret	18.02.2021

Lovlegkontroll på val av kontrollutval

Framlegg til vedtak:

Nedlegging og oppretting av Kontrollutvalet er gjort i tråd med kommunelova sin paragraf 23-1. Dagens kontrollutval er samansett slik krava til samansetting er definert i kommunelova og valet vert soleis ståande.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Røysting:

Framlegget til vedtak vart vedteke mot røystene til Sp (7).

KOST- 008/21 Vedtak:

Nedlegging og oppretting av Kontrollutvalet er gjort i tråd med kommunelova sin paragraf 23-1. Dagens kontrollutval er samansett slik krava til samansetting er definert i kommunelova og valet vert soleis ståande.

Drøfting:

Representantane Asgeir Solheim, Fredrik Egeberg og Randi Aare har 20.11.2020 framsett krav om lovlegkontroll av val av kontrollutval. Dei peikar på at val av kontrollutval skal skje før val av andre utval. Det er rett ved konstituering, men lova seier også at «kommunestyret kan når som helst velge medlemmer til utvalget på nytt. Hvis ett eller flere medlemmer av utvalget skal skiftast ut, skal alle medlemmene velges på nytt».

Dei tre representantane meiner at det ikkje er eit krav at minst eitt av medlemene i kontrollutvalet må komme frå kommunestyret. Dei meiner òg at kommunaldepartementet tidlegare har meint at det ved nyval ikkje er eit krav at Kontrollutvalet skal ha ei slik samansetning. I Kommunelova paragraf 23-1 står det: «Minst ett medlem skal velges blant kommunestyrets eller fylkestingets medlemmer».

Dagens kommunelov er frå 2018. Ei lovtolkning av ei tidlegare lov er mindre interessant i denne samanheng. Departementet drøftar kva som skal skje ved eit suppleringsval. Slik kommunelova er formulert er det ikkje høve til suppleringsval, heile utvalet må veljast på nytt dersom nokon skal ut av

utvalet.

Kontrollutvalet er vald av kommunestyret den 12.10.2020. Valet er gjennomført som listeval der Asgeir Solheim sitt framlegg til liste er vedteke. Valet er i tråd med valnemnda sitt framlegg.

Konklusjonen i saka er at kommunestyret har gjort eit lovleg val av kontrollutval.

Vedlegg i saken:

Klage på val av kontrollutval

Kopi av val av kontrollutval 25.09.2019

Fortolkingspørsmål vedrørende kommunelova


Kopi av val av kontrollutval 11.09.2020

Kopi av e-post fraseiing av plassen i oppvekst og kultur

Kopi av e-post tilsendt frå Fylkesmannen i Vestland

Kopi av val av kontrollutval 09.11.2020

Kopi av nyval eller suppleringsval 10.11.2020



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/21	Formannskapet	09.02.2021
009/21	Kommunestyret	18.02.2021

Deltaking i Digi-Vestland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune vert med i DigiVestland og kommunedirektøren kan inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid slik det går fram i saka.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.02.2021

Kinn kommune vert med i DigiVestland og kommunedirektøren kan inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid slik det går fram i saka.

Formannskapet 09.02.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå kommunediretøren vart samrøystes vedteke.

FORM- 010/21 Vedtak:

Kinn kommune vert med i DigiVestland og kommunedirektøren kan inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid slik det går fram i saka.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

KOST- 009/21 Vedtak:

Kinn kommune vert med i DigiVestland og kommunedirektøren kan inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid slik det går fram i saka.

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld samarbeid om digitalisering i Vestland; DigiVestland. Framlegg til avtale om regionalt

digitaliseringssamarbeid er sendt til handsaming i alle kommunar i Vestland. Den er vedlagt. Denne saka omtalar bakgrunn for, innhald i og avtalen om digitaliseringssamarbeid.

Saksopplysningar:

Digitaliseringsarbeidet i kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemder skal i tida framover legge grunnlaget for utvikling av samanhengande tenester til innbyggjarar, frivillige organisasjonar og næringsliv. Det krev samordning og samarbeid på nye og forpliktande måtar. Den nasjonale digitaliseringsstrategien «En digital offentlig sektor» adresserer behovet for forsterka innsats på digitaliseringsområdet. På KS sitt Landsting i februar 2020 gav kommunane og fylka KS eit sterkare mandat til å samordne og sikre auka gjennomføringskraft på digitaliseringsområdet i kommunal sektor. Eit av dei sentrale tiltaka som er peika på som viktig for å oppnå dette, er styrking og etablering av regionale digitaliseringsnettverk.

Opphavet til initiativet om digitaliseringssamarbeid i Vestland, DigiVestland, er «samordnet regional digitalisering Hordaland», seinare DigiHordaland. Samarbeidet vart etablert i mars 2018 mellom nokre kommunar i Hordaland. Seinare blei det utvida til å omfatte alle kommunane i Hordaland. I 2020 blei namnet endra til DigiVestland. Samtidig blei det søkt om eit samarbeid mellom alle dei 43 kommunane i fylket.

Fylkesmannen har støtta initiativet med skjønnsmidlar i 2018, 2019 og 2020. Bergen kommune var initiativtakar til og ansvarleg for tilrettelegging av felles sekretariat/prosjektkontor for DigiHordaland. Denne rolla er tenkt vidareført i DigiVestland. Bergen kommune har dei seinare åra investert mykje i digitaliseringsarbeid og er sett på som langt framme på området. Bergen er også sterkt representert og lytta til på nasjonale arenaer i KS sin samstyringsstruktur, gjennom deltaking i KommIT-rådet, Digitaliseringsutvalet, ulike fagråd og prosjekt. Samarbeid om digitalisering med andre kommunar er med på å gje Bergen legitimitet i denne rolla, samt at deltakande kommunar får auka sine moglegheiter til å påverke nasjonale prosessar.

Digitaliseringssamarbeidet blir leia av ei styringsgruppe samansett av kommunedirektørar frå deltakarkommunane. Digitaliseringsdirektør i Bergen er leiar av styringsgruppa. I samband med utviding av samarbeidet til heile Vestland, har styringsgruppa vore supplert med to kommunedirektørar frå tidlegare Sogn og Fjordane. Dei har delteke som observatørar og gitt innspel i arbeidet med å utvide samarbeidet til heile Vestland. Styringsgruppa har over tid jobba for å arbeide fram eit grunnlag for regionalt samarbeid om digitalisering i heile Vestland. Våren 2020 har ein utarbeida ein samarbeidsavtale og modell for finansiering av samarbeidet i Vestland, vedlagt. Styringsgruppa sender no avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, til handsaming i kommunane i Vestland. Kommunane er bedne om å ta stilling til avtala hausten/vinteren 2020. Det vil bli gjennomført ein signeringskonferanse og avspark for samarbeidet tidleg i 2021. Saka har vore handsama i KS Vestland sitt Kommunedirektørutval og Fylkesstyre, som gjorde følgjande vedtak i sitt møte 14.09.2020:

«Fylkesstyret/Kommunedirektørutvalet oppmodar kommunane i Vestland om å slutte seg til samarbeidet om digitalisering i DigiVestland.»

Innhald i digitaliseringssamarbeidet

DigiVestland skal sette kommunane i stand til å handtere og dra nytte av den digitale utviklinga. Gjennom felles koordinering og innføring av nasjonale løysingar, skal løysingane raskt og effektivt kunne takast i bruk og gje gevinstar. Samarbeidet vil være bindeledd mellom den enkelte kommune og den nasjonale styringsstrukturen på digitaliseringsområdet. Samarbeidet skal bidra til å forenkle informasjonsflyten mellom kommunane sine eigne løysingar og nasjonale fellesløysingar. Kollektiv læring, erfaringsutveksling og felles infrastruktur er med på å forsterke og forenkle innsatsen på digitaliseringsområdet. Det er i tillegg viktige faktorar for å hindre digitalt klaseskilje mellom kommunar.

Samarbeidet i DigiVestland skal sikre kommunane:

- Deltaking på felles faglege arenaer
- Tilgang til felles ressursar
- Oppdatert innsikt og kunnskap frå nasjonale arenaer
- Auka moglegheit til å påverke nasjonale prosessar og i nasjonale arenaer
- Innføring av standardiserte løysingar og tenesteprosessar på sentrale områder
- Koordinert mottak av statlege og felleskommunale prosjekt
- Koordinerte regionale anskaffingar
- Eit felles kompetansemiljø på digitaliseringsområdet som vil auke moglegheita for å gjennomføre felles tiltak og vere ein arena å møte nasjonale initiativ

Sjå vedlagte presentasjon av DigiVestland for utfyllande informasjon om innsatsområde og organisering og oversikt over nasjonal og regional portefølje som går fram av sakspapira til styringsgruppa i DigiVestland 18.12.2020.

Vurderingar:

Trygge, gode, og effektive digitale løysingar skal gje innbyggjarar og næringsliv heilskaplege tenester. KS er gitt eit mandat om å samle kommunesektoren i digitaliseringsarbeidet og fremje våre interesser i det arbeidet. KS Landsting peikar på regionale nettverk av kommunar innan digitaliseringsområdet som eit viktig reiskap for å oppnå det. Gjennom den nasjonale samstyrisstruktur definere ein kommunesektoren sine behov. Mange av desse behova resulterer i nasjonale prosjekt og digitale fellesløysingar som kjem attende til kommunane. Å ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å ta i mot desse løysingane er vanskeleg for den enkelte kommune aleine. Samarbeid er nøkkelen til å oppnå tilstrekkeleg gjennomføringskraft regionalt og lokalt i digitaliseringsarbeidet. Samarbeid er også viktig for å oppnå ei tydeleg stemme i den nasjonale samstyrisstruktur, og på den måte vere med å definere behov og påverke utforming av fellesløysingar.

1.

KS i lag med nasjonale myndigheiter har gjort eit stort arbeid på digitaliseringsfronten, og det er omfattande planar for åra som kjem. Dette er svært imponerende og viser kor viktig eit slikt regionalt samarbeid vil vere for kommunane våre framover. Det er derfor viktig at vi sluttar oss til DigiVestland-samarbeidet no.

Vi er opptekne av at vi får til ei god samhandling mellom strukturane i DigiVestland og tilsvarande strukturar i IKT-Nordfjord. Det kan skje på følgjande måte:

- Kommunane melder seg inn i DigiVestland samla gjennom IKT-Nordfjord (men kvart kommunestyre må slutte seg til avtalen med DigiVestland og signere samarbeidsavtalen)
- Betaling av kontingenten skjer via IKT-Nordfjord, men etter DigiVestland sin betalingsmodell
- Dei ulike fagnettverka i IKT-Nordfjord knyter seg til tilsvarande nettverk i DigiVestland med min. leiar av nettverka i IKT-Nordfjord. IT-koordinatorane får eit spesielt ansvar for å knyte seg til dei ulike utviklingsløpa i DigiVestland.
- Styreleiaren i IKT-Nordfjord blir medlem av styringsgruppa frå vår region

Styret i IKT-Nordfjord har i styremøte 14.januar 2021 tilrådd at kommunane i IKT-Nordfjord sluttar seg til samarbeidet om digitalisering i DigiVestland.

Økonomiske konsekvensar:

Saksopplysningar:

Digitaliseringsarbeidet i kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemdar skal i tida framover legge grunnlaget for utvikling av samanhengande tenester til innbyggjarar, frivillige organisasjonar og næringsliv. Dette krev samordning og samarbeid på nye og forpliktande måtar. Den nasjonale

digitaliseringsstrategien «En digital offentlig sektor» adresserer behovet for forsterka innsats på digitaliseringsområdet. På KS sitt Landsting i februar 2020 gav kommunane og fylka KS eit sterkare mandat til å samordne og sikre auka gjennomføringskraft på digitaliseringsområdet i kommunal sektor. Eit av dei sentrale tiltaka som er peika på som viktig for å oppnå dette, er styrking og etablering av regionale digitaliseringsnettverk.

Opphavet til initiativet om digitaliseringssamarbeid i Vestland, DigiVestland, er «samordnet regional digitalisering Hordaland», seinare DigiHordaland. Samarbeidet vart etablert i mars 2018 mellom nokre kommunar i Hordaland. Seinare blei det utvida til å omfatte alle kommunane i Hordaland. I 2020 blei namnet endra til DigiVestland. Samtidig blei det søkt om eit samarbeid mellom alle dei 43 kommunane i fylket. Fylkesmannen har støtta dette initiativet med skjønnsmidlar i 2018, 2019 og 2020. Bergen kommune var initiativtakar til og ansvarleg for tilrettelegging av felles sekretariat/prosjektkontor for DigiHordaland. Denne rolla er tenkt vidareført i DigiVestland. Bergen kommune har dei seinare åra investert mykje i digitaliseringsarbeid og er sett på som langt framme på området. Bergen er også sterkt representert og lytta til på nasjonale arenaer i KS sin samstyringsstruktur, gjennom deltaking i KommiT-rådet, Digitaliseringsutvalet, ulike fagråd og prosjekt. Samarbeid om digitalisering med andre kommunar er med på å gje Bergen legitimitet i denne rolla, samt at deltakande kommunar får auka sine moglegheiter til å påverke nasjonale prosessar.

Digitaliseringssamarbeidet blir leia av ei styringsgruppe samansett av kommunedirektørar frå deltakarkommunane. Digitaliseringsdirektør i Bergen er leiar av styringsgruppa. I samband med utviding av samarbeidet til heile Vestland, har styringsgruppa vore supplert med to kommunedirektørar frå tidlegare Sogn og Fjordane. Desse har delteke som observatørar og gitt innspel i arbeidet med å utvide samarbeidet til heile Vestland. Styringsgruppa har over tid jobba for å arbeide fram eit grunnlag for regionalt samarbeid om digitalisering i heile Vestland. Våren 2020 har ein utarbeida ein samarbeidsavtale og modell for finansiering av samarbeidet i Vestland, vedlagt. Styringsgruppa sender no avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, til handsaming i kommunane i Vestland. Kommunane er bedne om å ta stilling til avtala hausten/vinteren 2020. Det vil bli gjennomført ein signeringskonferanse og avspark for samarbeidet tidleg i 2021. Saka har vore handsama i KS Vestland sitt Kommunedirektørutval og Fylkesstyre, som gjorde følgjande vedtak i sitt møte 14.09.2020:

«Fylkesstyret/Kommunedirektørutvalet oppmodar kommunane i Vestland om å slutte seg til samarbeidet om digitalisering i DigiVestland.»

Innhald i digitaliseringssamarbeidet

DigiVestland skal sette kommunane i stand til å handtere og dra nytte av den digitale utviklinga. Gjennom felles koordinering og innføring av nasjonale løysingar, skal løysingane raskt og effektivt kunne takast i bruk og gje gevinstar. Samarbeidet vil være bindeledd mellom den enkelte kommune og den nasjonale styringsstrukturen på digitaliseringsområdet. Samarbeidet skal bidra til å forenkle informasjonsflyten mellom kommunane sine eigne løysingar og nasjonale fellesløysingar. Kollektiv læring, erfaringsutveksling og felles infrastruktur er med på å forsterke og forenkle innsatsen på digitaliseringsområdet. Det er i tillegg viktige faktorar for å hindre digitalt klaseskilje mellom kommunar.

Samarbeidet i DigiVestland skal sikre kommunane:

- Deltaking på felles faglege arenaer
- Tilgang til felles ressursar
- Oppdatert innsikt og kunnskap frå nasjonale arenaer
- Auka moglegheit til å påverke nasjonale prosessar og i nasjonale arenaer
- Innføring av standardiserte løysingar og tenesteprosessar på sentrale områder
- Koordinert mottak av statlege og felleskommunale prosjekt
- Koordinerte regionale anskaffingar

- Eit felles kompetansemiljø på digitaliseringsområdet som vil auke moglegheita for å gjennomføre felles tiltak og vere ein arena å møte nasjonale initiativ

Sjå vedlagte presentasjon av DigiVestland for utfyllande informasjon om innsatsområde og organisering og oversikt over nasjonal og regional portefølje som går fram av sakspapira til styringsgruppa i DigiVestland 18.12.2020.

Vurdering:

Trygge, gode, og effektive digitale løysingar skal gje innbyggjarar og næringsliv heilskaplege tenester. KS er gitt eit mandat om å samle kommunesektoren i digitaliseringsarbeidet og fremje våre interesser i dette arbeidet. KS Landsting peikar på regionale nettverk av kommunar innan digitaliseringsområdet som eit viktig reiskap for å oppnå dette. Gjennom den nasjonale samstyringsstrukturen definerer ein kommunesektoren sine behov. Mange av desse behova resulterer i nasjonale prosjekt og digitale fellesløysingar som kjem attende til kommunane. Å ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å ta i mot desse løysingane er vanskeleg for den enkelte kommune aleine. Samarbeid er nøkkelen til å oppnå tilstrekkeleg gjennomføringskraft regionalt og lokalt i digitaliseringsarbeidet. Samarbeid er også viktig for å oppnå ei tydeleg stemme i den nasjonale samstyringsstrukturen, og på den måte være med å definere behov og påverke utforming av fellesløysingar.

2.

KS i lag med nasjonale myndigheiter har gjort eit stort arbeid på digitaliseringsfronten, og det er omfattande planar for åra som kjem. Dette er svært imponerende og viser kor viktig eit slikt regionalt samarbeid vil vere for kommunane våre framover. Det er derfor viktig at vi sluttar oss til DigiVestland-samarbeidet no.

Vi er opptekne av at vi får til ei god samhandling mellom strukturane i DigiVestland og tilsvarande strukturar i IKT-Nordfjord. Dette kan skje på følgjande måte:

- Kommunane melder seg inn i DigiVestland samla gjennom IKT-Nordfjord (men kvart kommunestyre må slutte seg til avtalen med DigiVestland og signere samarbeidsavtalen)
- Betaling av kontingenten skjer via IKT-Nordfjord, men etter DigiVestland sin betalingsmodell
- Dei ulike fagnettverka i IKT-Nordfjord knyter seg til tilsvarande nettverk i DigiVestland med min. leiar av nettverka i IKT-Nordfjord. IT-koordinatorane får eit spesielt ansvar for å knyte seg til dei ulike utviklingsløpa i DigiVestland.
- Styreleiaren i IKT-Nordfjord blir medlem av styringsgruppa frå vår region

Styret i IKT-Nordfjord har i styremøte 14.januar 2021 tilrådd at kommunane i IKT-Nordfjord sluttar seg til samarbeidet om digitalisering i DigiVestland.

Økonomiske konsekvensar:

Fram til no har DigiVestland vore finansiert delvis gjennom skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Vestland og delvis med bidrag frå nokre få enkeltkommunar. Styringsgruppa legg til grunn at eit fylkesdekkande samarbeid må være like forpliktande for alle partar.

Frå 2021 er det ikkje forventta tilsvarande skjønnsmidlar frå Fylkesmannen, då samarbeidet må reknast som etablert. Desse føresetnadane danner grunnlag for finansieringsmodellen som er lagt ved saka.

Finansieringsmodellen føreset at grunnfinansieringa som skal dekke drift av sekretariatet i samarbeidet og leiding av regionale prosjekt, vert dekkja av bidrag frå deltakarkommunane basert på

eit fast grunnbeløp og innbyggartal innanfor ei maksimumsgrense på 500 000kr. Det totale finansieringsbehovet for samarbeidet er 19,47 millionar kroner. Bergen kommune dekker 9,1 millionar av dette behovet, mellom anna gjennom ressursbruk til deltaking i nasjonal styringsstruktur og kontinuerleg pågåande prosjekt.

I møte i styringsgruppa 18.12.20 vart det gjort slikt vedtak som reduserer dei økonomiske kostnadane for kommunane i gamle Sogn og Fjordane med 50% i 2021:

- *«Kommunene i Sogn og Fjordane gis 50% rabatt på deres økonomiske bidrag til Digi Vestland i 2021, slik at deres første fulle betalingsår blir 2022. Det tas initiativ overfor Fylkesmannen i forhold til å søke skjønnsmidler for dekning av mindrefinansieringen.*
- *KS viderefører sitt initiativ knyttet til forankring og sikrer videre informasjon til kommunene. Dette innebærer informasjon om:*
- *Finansieringsmodell for 2021*
- *Frist for tilbakemelding om deltakelse; 20. februar 2021*
- *Felles signering av avtale i forbindelse med kommunalpolitisk toppmøte 2. mars 2021.»*

Kommunane i IKT-Nordfjord skal i utgangspunktet betale 1,4 mill kr for medlemskap i DigiVestland – 683.000 kr i 2021. For 2021 vil det truleg vere mogeleg å dekke denne summen innanfor eksisterande rammer som IKT-Nordfjord disponerer. For seinare år vil finansieringsbidraget frå medlemskommunane til IKT-Nordfjord bli høgare. Det blir tilrådd at finansieringa av medlemskapen i DigiVestland skjer samla for kommunane som er med i IKT-Nordfjord via samarbeidet.


For Kinn kommune vil finansieringsmodellen innebere eit økonomisk bidrag på ca 445 000 kroner pr år frå 2022.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

21/767 Digi Vestland - avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid
Digi Vestland - avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid(119103)
1PresentasjonDigiVestland mAvtale(119978)
2DigiVestlandBeregningsmodellGrunnfinansiering2021(119979)
3Samarbeidsavtale-Digi-Vestland(119980)
20201218 Styringsgruppemøte Digi Vestland(119981)
IKT Nordfjord styremøte 12.01.2021 - Protokoll(120089)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/21	Samferdsleutvalet	26.01.2021
006/21	Formannskapet	09.02.2021
010/21	Kommunestyret	18.02.2021

Endring av rammer for fastsetting av parkeringavgift i Florø

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber Florø parkering AS å innføre parkeringsavgift på elbilar innanfor dei same rammene som andre kjøretøy i sentrumsområdet i Florø.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.02.2021

Kommunestyret ber Florø parkering AS å innføre parkeringsavgift på elbilar innanfor dei same rammene som andre kjøretøy i sentrumsområdet i Florø.

Avgifta kan ligge på inntil 50 % av ordinær parkeringsavgift.

Samferdsleutvalet 26.01.2021:

Handsaming:

Forslag Kinn Ap, foreslått av Kim Gunnar Jensen, Kinn Arbeiderparti

Kommunestyret ber Florø parkering AS å innføre parkeringsavgift på elbilar innanfor dei same rammene som andre kjøretøy i områdene i sentrum med størst press på P-plasser;

Strandgata, ved Skudalsvegen, Torggata, Magnus Thingnesgate (den delen mellom Strandgata og Markegata) og Kolkaia. For øvrige kommunale P-plasser videreføres dagens ordning.

Røysting:

Framlegget til vedtak frå administrasjonen vart vedteke med fire mot ei røyst (repr. Jensen).

SAUV- 004/21 Vedtak:

Kommunestyret ber Florø parkering AS å innføre parkeringsavgift på elbilar innanfor dei same rammene som andre kjøretøy i sentrumsområdet i Florø.

Formannskapet 09.02.2021:

Handsaming:

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Tillegg til framlegget:

"Avgifta kan ligge på inntil 50 % av ordinær parkeringsavgift."

Røysting:

Samferdsleutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget til repr. Bovim vart vedteke mot 2 røyster (Djuvik og J.A.Midtbø)

FORM- 006/21 Vedtak:

Kommunestyret ber Florø parkering AS å innføre parkeringsavgift på elbilar innanfor dei same rammene som andre kjøretøy i sentrumsområdet i Florø.

Avgifta kan ligge på inntil 50 % av ordinær parkeringsavgift.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

Kinn kommunestyre ønsker at det fortsatt skal være gratis parkering for elbilar i heile Kinn kommune.

Kommunestyret ber Florø parkering sjå på moglegheitene for bruk av tidsbegrensning, for å betre parkeringssituasjonen.

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Tilføyelse på slutten av formannskapetets vedtak: «...likevel ikkje ved kontant betaling.»

Framlegg Senterpartiet, foreslått av Sidsel Fænn Kongsvik, Kinn Senterparti

Fremmer rådmann sitt forslag til vedtak på nytt

Alternativt framlegg frå Venstre og Høgre, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Også el-bilar skal betale parkeringsavgift. Dagens avgift vert avkorta til 80 % av dagens sats, for alle.

Tilleggsforslag til kommunedirektøren sitt forslag, foreslått av Sidsel Fænn Kongsvik, Kinn Senterparti
Sp ber Florø Parkering As utrede reduksjon av parkeringsavgifta for alle kjøretøy

Fellesframlegg Ap og V, foreslått av Kim Gunnar Jensen, Kinn Arbeiderparti

1. Kommunestyret ber parkeringsselskapet om å innføre parkeringsavgift på lik linje med andre biler i sone 1 og 2.

2. Sone 3 forblir gratis for El-biler.

3. Ved forskriftsendring som medfører maks 50% sats for el-biler, tilbys denne ordningen ved bruk av applikasjon.

4. I god tid før neste generalforsamling skal det ligge føre ei utgreiing der en ser på en generell reduksjon på 20% for alle biler.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg falt mot røystene til Sp, Frp og Krf (10).

Formannskapet sitt framlegg falt mot røystene til MDG og SV (5).

Framlegget til Sp vart ikkje røysta over.

Framlegget til MDG vart ikkje røysta over.

Framlegget til Raudt: Punkt 1 falt mot Raudt og SV sine røyster. Punkt 2: Samrøystes vedteke.
Framlegget til Høgre falt mot røystene til Høgre, Frp, Krf og repr. Midtbø. (10)
Framlegget frå Ap og Venstre vart vedteke mot røystene til MDG, Frp, Raudt, SV og repr. Midtbø (12)

KOST- 010/21 Vedtak:

1. Kommunestyret ber parkeringsselskapet om å innføre parkeringsavgift for el-biler på lik linje med andre biler i sone 1 og 2.
2. Sone 3 forblir gratis for El-biler.
3. Ved forskriftsendring som medfører maks 50% sats for el-biler, tilbys denne ordningen ved bruk av applikasjon.
4. I god tid før neste generalforsamling skal det ligge føre ei utgreiing der ein ser på en generell reduksjon på 20% for alle biler.
5. Kommunestyret ber Florø parkering sjå på moglegheitene for bruk av tidsbegrensning, for å betre parkeringssituasjonen.

Bakgrunn for saka:

Kommunedirektøren fremma sak 17.12.2020 knytt til endring av rammer for fastsetting av parkeringsavgift for elbil. Kommunestyret ba kommunedirektøren om å komme tilbake med ei sak om parkeringsregulering og fastsetting av eventuell takstar våren 2021.

Saksopplysningar:

Styret i Florø parkering A/S har bedt om endring i premissa for fastsetting av parkeringsavgift for el bilar i Florø. Elbilar er pr i dag fritatt for parkeringsavgift på kommunale parkeringsplassar.

Florø Parkering registrerer utviklingen på parkering fortløpende, og har observert en kraftig økning i antall El-biler på Florø Parkering sine områder. I 2017 lå antallet EL-biler på 5 til 8 El-biler som nytta Florø Parkering sine områder. I vinter 2020 lå tallet på 20-25 stk. Måling hausten 2020 viser en økning til 45-50 stk. Disse står parkert til enhver tid på Florø Parkering sine områder.

På dei private parkeringsplassane ved SMS og Amfi er det parkeringsavgift for elbilar.

Talet elbilar totalt i Florø har auka frå 59 i 2016 til 212 i 2019.

I tillegg til auke i elbilparkering, er det auka press på eksisterande parkeringsplassar både på grunn av endringar i service og handel, og knytt til større byggeprosjekt i sentrum. Dette gjer at det har vore ein reduksjon i antall parkeringsplassar tilgjengeleg. betraktelig redusert (se vedlegg).

Norpark - Norges Parkeringsforening har informert om at det kan komme ein forskrift i 2021, som trolig foreslår at kommunene kan ta maks 50% parkeringsavgift på EL-biler på offentlig parkeringsareal. Dette vil ikke gjelde private områder. På private områder der Florø Parkering har avtale, vil det være grunneigarane som bestemmer totalsatsen for el-biler.

Vågsøy Parkering har betalingsfritak på for elbilar, daglig leder informerer om at Måløy alltid har tilgjengelige parkeringsplasser i sentrumskjernen. I følge Statistisk sentralbyrå har Florø 212 elbilar pr 31.12.19 og Vågsøy 68 elbilar. Både når ein ser på tal El bilar og parkeringsbelastning har Florø og Vågsøy helt forskjellige situasjoner.

Bystyrevedtak i sak 082/16 slår fast området for vilkårsparkering. I punkt to blir *Florø Parkering AS gjeve fullmakt til å differansiere vilkåra slik at desse i størst mogleg grad gjev fleksibilitet. Det skal nyttast pris og tidsavgrensing for å få større delar av parkeringa til ytterområda innanfor dei nye grensene.*

Punkt 7 i vedtaket vidarefører ein betalingsfritak for elektrisk og hydrogendrevet motorvogn på dei avgiftsbelagte kommunale parkeringsplassane som inntil 2016 var gjeldande nasjonalt.

Vurderingar:

Kommunedirektøren vurderer at det er nødvendig å regulere parkering for elbilar i Florø, på same måte som andre kjøretøy, og foreslår å stryke punkt 7 i tidlegare vedtak. Dersom det kjem nye føringar i forskrift knytt til elbilparkering vil kommunedirektøren komme tilbake med ny sak om dette.

Kinn kommune og Florø Parkering AS vil samarbeid om å finne løysingar på kort og lang sikt for å betre parkeringssituasjonen i Florø.


Økonomiske konsekvensar:

Regulering av parkering for elbilar vil gi positiv økonomisk effekt for Florø Parkering AS

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Vedlegg i saken:

Redusert parkeringskapasitet i Florø
Bystyrevedtak 82-16



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/21	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	26.01.2021
011/21	Kommunestyret	18.02.2021

Rapport brukarundersøking i Omsorgstenestene i Kinn kommune 2020

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Helse-, sosial og omsorgsutvalet tar rapporten Brukarundersøking i Omsorgstenestene Kinn kommune 2020 til orientering»

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 26.01.2021:

Handsaming:

Orientering v/ leiar for koordinerande eining Trude Gulbranson.

Votering:

Samrøystes vedtatt.

HSOUV- 006/21 Vedtak:

Helse-, sosial og omsorgsutvalet tar rapporten Brukarundersøking i Omsorgstenestene Kinn kommune 2020 til orientering.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Saka vert utsett til neste møte i kommunestyret.

KOST- 011/21 Vedtak:

Saka vert utsett.

Bakgrunn for saka:

«Som en del av oppfølging av Handlingsplan for Kinn kommune 2020, er det gjennomført brukarundersøking i Omsorgstenestene. Ei brukarundersøking gir informasjon om brukarane sine subjektive opplevingar av dei tenestene dei mottar. Det ivaretek brukarmedverknad, og det gir tenestene tilbakemelding på korleis tenestene vert opplevd – og dei gir grunnlag for kvalitetsforbetringsarbeid. Brukarundersøkingar har vore gjennomført både i Flora kommune og i

Vågsøy kommune med regelmessige intervall tidlegare med gode resultat. I denne saka vert funna i undersøkinga for Kinn kommune i 2020 presentert»

Saksopplysningar:

«I tidsrommet september og oktober vart totalt 227 brukarar av Omsorgstenestene i Kinn kommune intervjuet. Dei intervjuet er brukarar på institusjonane, heimetenestene og bu- og miljøtenesta i heile kommunen. Barn som mottar helse- og omsorgstenester er ikkje intervjuet i denne undersøkinga. Rapporten gir samla svar for kvart av dei to kommunesentra – og i tillegg vert det presentert statistikk for dei store tenestegruppene. Det er ikkje vurdert som hensiktsmessig å lage tal samla for Kinn. Dette kan bli aktuelt ved seinare undersøking – per no gir ikkje ei sånn framstilling eit godt grunnlag for kvalitetsarbeid tenestevís.

Institusjonane og heimetenestene i Flora kommune har hatt tilsvarande brukarundersøking over mange år. Her vil vi kunne samanlikne trendar. Vågsøy kommune har nytta anna type undersøkelsskjema, så her er ikkje direkte samanlikningsgrunnlag. For bu- og miljøtenestene i Florø er det og første gang ein tar i bruk denne type undersøkelsskjema.

Spørsmåla er basert på Helsedirektoratet sin pilot for nasjonal brukarundersøking for dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Erfaringsvis inneholder mange spørreundersøkingar for mange spørsmål til brukarane. For mange spørsmål er ofte ein hemmande faktor for deltaking. Vi har valgt ut spørsmål som vi meiner er relevante for å kunne gi oss informasjon for å betre kvalitet på tenestene, og auke brukarmedverknad.»

Vurderingar:

«Funna i undersøkinga syner jamt over svært gode resultat. Brukarane samla gir gode tilbakemeldingar om at dei er fornøyde med den hjelpa dei mottar. Brukarane blir behandla høfleg og med respekt. Dei tilsette er omsorgsfulle, og det er høg grad av trivsel hos brukarane våre. Ein viktig indikator som oppleving av trygghet syner svært gode funn. Undersøkinga syner og område der vi må jobbe for ei kvalitetsheving i korleis vi sikrar tenester og rettigheter. Vi må sørge for god nok informasjon til brukar om vedtak og tenestetilbod, Vi må sikre betre informasjon til brukar om kven som er brukar si primærkontakt, og vi må fortsatt ha fokus på å auke moglegheita for deltaking i fritidsaktivitetar og sosiale fellesskap. Meir om funna i undersøkinga ligg i rapporten som er vedlagt.

Rapporten gir ikkje noko analyse om brukaropplevingar kopla mot tenestene sine budsjetttrammer, bemanningsfaktorar, tenesteomfang, tilgang til kompetanse, organisering og liknande. Rapporten skal ha fokus på brukar sine opplevingar, den gir trendar som gjeld brukar sine opplevingar, og område for forbetringsarbeid vert peika på.»

Økonomiske konsekvensar:

«Brukarundersøkinga gir ikkje økonomiske konsekvensar»


Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Lov om kommunale helse- og omsorgstenester kap.4.»

Vedlegg i saken:

Rapport brukarundersøking Omsorgstenestene Kinn kommune 2020 januar 21 siste versjon

Rapport brukarundersøking Omsorgstenestene Kinn kommune 2020 januar 21 siste versjon



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/21	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	26.01.2021
007/21	Formannskapet	09.02.2021
012/21	Kommunestyret	18.02.2021

Framtidig institusjonsstruktur for auka kapasitet, og bruk av Florø Sjukehus

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«1. Kinn kommune skal løyse behovet for auka institusjonskapasitet i sør ved bruk av Florø Sjukehus og arealet rundt. Vedtaket inneber;

1. Utfasing av Furuhaugane Omsorgssenter som institusjon.
2. Finne alternativt bruk av Furuhaugane Omsorgssenter.
3. Vedlikeholdsetterslep på Furuhaugane Omsorgssenter må vurderast i samsvar med framtidig bruk, og må inn i vidare budsjettprosess.
4. Det må settast av investeringsmidlar for Florø sjukehus og området rundt til institusjon. Utbygginga må gjennomførast i fleire byggetrinn i takt med framskrivingar av behov. Investeringsbehovet vert avhengig av løysing som vert vald. Frå tidlegare budsjettvedtak er det sett av kr: 200 millionar i perioden 2021-2025.

2. Sekundært kan det være føremålstenleg å sjå på utbygging av kapasitet Florø Omsorgssenter i tillegg til utbygging på sjukehuseigedommen

Helse-, sosial og omsorgsutvalet 26.01.2021:

Handsaming:

004/21 Framtidig institusjonskapasitet mv, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre 2) , herunder og mogleg salg. 3) Kuttast, då dette bør ligge inne i Florø Bygg og eigedom sitt vedlikahaldsbudsjett? Tilleggspunkt 5) Framdriftplan for ein realisering av prosjektet må reviderast og følgast opp med månedleg rapportering.

Fellesframlegg Sv, og FRP, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

I innstillinga frå den hurtigarbeidende arbeidsgruppa ligg det ein føresetnad om avvikling av Furuhaugane omsorgssenter som institusjon. Det pågår nå eit arbeid på Furuhaugane med hensikt å flytte, og bygge om kjøkkenet i institusjonen. Dette er eit arbeid som vil kreve ein god del investeringer, samt omorganisering av tilsette.

Sv og FRP har følgende framlegg til vedtak:

Arbeidet med omorganisering av kjøkkenet på Furuhaugane omsorgssenter vert stoppa, og arbeidsgruppa som jobbar med dette vert avvikla.

004/21 Framtidig institusjonskapasitet mv, foreslått av Hilmar Eliasson, Kinn Venstre
Endring tilleggspunkt 5) siste del endres til "og status rapporterast i kvart utvalgsmøte."

Forprosjekt konsept, arkitektur, struktur ny sjukeheim på sjukehuseigedomen., foreslått av Ronny Cassells, Kinn Arbeiderparti

Ap føresler at det frå HSO utvalet oppnemnst 3 deltakarar i ei arbeidsgruppe som følger dette prosjektet tett og rapporterer til utvalet. Fokus til gruppa er å sikre flyt og samhandling i administrasjonen, samt vurdere tilbodet og innhald i ny sjukeheim, som prosjektet lytl ta med.

Arbeidsgruppe, foreslått av Inger Strand Kvalheim, Kinn Arbeiderparti

Arbeidsgruppa består av tre medlemmer fra utvalget i tillegg til leder. Gruppens medlemmer er Ronny Cassells, Hilmar Eliasson og Jon Valur Olafsson.

Habilitet

Repr. Miriam Nesje stilte spørsmål om eigen habilitet då ho jobbar på Furuhaugane omsorgssenter. Det vart samrøystes vedtatt at Miriam Nesje er habil i saka.

Punkt 3 i tilleggforslaget til Eliasson vart trekt.

Votering:

kommunedirektøren sitt forslag med endringspunkt frå Eliasson:

punkt 1 og 1.1: samrøystes vedtatt

punkt 2: med tilleggsforslag frå Eliasson samrøystes vedtatt

punkt 3: samrøystes vedtatt

punkt 4: samrøystes vedtatt

punkt 5: samrøystes vedtatt med endringar frå Eliasson

punkt 2.2: samrøystes vedtatt

Fellesframlegget frå SV og FRP falt med 4 mot 5 røyster. Dei som stemte for fellesframlegget var SP v/ repr. Midtbø, Raudt v/ repr. Tveranger, SV v/ repr. Valur Olafsson, og FRP v/ repr. Nesje.

Utvalet var samde om å utsette tilleggsforslaga frå AP om arbeidsgruppe til neste møte.

HSOUV- 004/21 Vedtak:

1. Kinn kommune skal løyse behovet for auka institusjonskapasitet i sør ved bruk av Florø Sjukehus og arealet rundt. Vedtaket inneber;

1.Utfasing av Furuhaugane Omsorgssenter som institusjon.

2.Finne alternativt bruk av Furuhaugane Omsorgssenter, herunder og mogleg salg.

3.Vedlikeholdsetterslep på Furuhaugane Omsorgssenter må vurderast i samsvar med framtidig bruk, og må inn i vidare budsjettprosess.

4.Det må settast av investeringsmidlar for Florø sjukehus og området rundt til institusjon. Utbygginga må gjennomførast i fleire byggetrinn i takt med framskrivingar av behov. Investeringsbehovet vert avhengig av løysing som vert vald. Frå tidlegare budsjettvedtak er det sett av kr: 200 millionar i perioden 2021-2025.

5.Framdriftplan for ein realisering av prosjektet må reviderast og status rapporterast i kvart

utvalgsmøte.

2. Sekundært kan det være føremålstenleg å sjå på utbygging av kapasitet Florø Omsorgssenter i tillegg til utbygging på sjukehuseigedommen.

Formannskapet 09.02.2021:

Handsaming:

Innstilling frå helse,- sosial og omsorgsorgsutvalet, sak 004/21, foreslått av ,

1. Kinn kommune skal løyse behovet for auka institusjonskapasitet i sør ved bruk av Florø Sjukehus og arealet rundt. Vedtaket inneber;

1.Utfasing av Furuhaugane Omsorgssenter som institusjon.

2.Finne alternativt bruk av Furuhaugane Omsorgssenter, herunder og mogleg salg.

3.Vedlikeholdsetterslep på Furuhaugane Omsorgssenter må vurderast i samsvar med framtidig bruk, og må inn i vidare budsjettprosess.

4.Det må settast av investeringsmidlar for Florø sjukehus og området rundt til institusjon. Utbygginga må gjennomførast i fleire byggetrinn i takt med framskrivingar av behov. Investeringsbehovet vert avhengig av løysing som vert vald. Frå tidlegare budsjettvedtak er det sett av kr: 200 millionar i perioden 2021-2025.

5.Framdriftplan for ein realisering av prosjektet må reviderast og status rapporterast i kvart utvalgsmøte.

2. Sekundært kan det være føremålstenleg å sjå på utbygging av kapasitet Florø Omsorgssenter i tillegg til utbygging på

Tilleggsframlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Arbeidet med omorganisering av kjøkkenet på Furuhaugane omsorgssenter vert stoppa, og arbeidsgruppa som jobbar med dette vert avvikla.

Tilleggsframlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

"Kommunestyret legg til grunn at investeringane som i mellomtida vert gjort knytta til Furuhaugane omsorgssenter er avgrensa til det som er strengt naudsynt eller fører til innsparingar i perioden fram mot utfasing i tråd med pkt. 1."

Røysting:

Tilleggsframlegget frå repr. Djuvik falt mot 5 røyster (Midtbø, Djuvik, Oldeide, Kongsvik, Jensen)

Tilleggsframlegget frå repr. Bovim vart vedteke mot 2 røyster (Jensen og Oldeide)

Tilrådinga frå HSO-utvalet vart samrøystes vedteke.

FORM- 007/21 Vedtak:

1. Kinn kommune skal løyse behovet for auka institusjonskapasitet i sør ved bruk av Florø Sjukehus og arealet rundt. Vedtaket inneber;

1.Utfasing av Furuhaugane Omsorgssenter som institusjon.

2.Finne alternativt bruk av Furuhaugane Omsorgssenter, herunder og mogleg salg.

3.Vedlikeholdsetterslep på Furuhaugane Omsorgssenter må vurderast i samsvar med framtidig bruk, og må inn i vidare budsjettprosess.

4.Det må settast av investeringsmidlar for Florø sjukehus og området rundt til institusjon. Utbygginga må gjennomførast i fleire byggetrinn i takt med framskrivingar av behov. Investeringsbehovet vert avhengig av løysing som vert vald. Frå tidlegare budsjettvedtak er det sett av kr: 200 millionar i perioden 2021-2025.

5.Framdriftplan for ein realisering av prosjektet må reviderast og status rapporterast i kvart utvalgsmøte.

2. Sekundært kan det være føremålstenleg å sjå på utbygging av kapasitet Florø Omsorgssenter i tillegg til utbygging på sjukehuseigedommen.

3. Kommunestyret legg til grunn at investeringane som i mellomtida vert gjort knytta til Furuhaugane omsorgssenter er avgrensa til det som er strengt naudsynt eller fører til innsparingar i perioden fram mot utfasing i tråd med pkt. 1.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Felles tilleggsframlegg frå SV og FRP, foreslått av Jon Valur Olafsson, Kinn SenterpartiUavhengigKinn Sosialistisk Venstreparti

Arbeidet med omorganisering av kjøkkenet på Furuhaugane omsorgssenter vert stoppa, og arbeidsgruppa som jobbar med dette vert avvikla.

Formannskapet sitt vedtak i møte 9. februar, foreslått av ,

Vedtak:

1. Kinn kommune skal løyse behovet for auka institusjonskapasitet i sør ved bruk av Florø Sjukehus og arealet rundt. Vedtaket inneber;

1.Utfasing av Furuhaugane Omsorgssenter som institusjon.

2.Finne alternativt bruk av Furuhaugane Omsorgssenter, herunder og mogleg salg.

3.Vedlikeholdsetterslep på Furuhaugane Omsorgssenter må vurderast i samsvar med framtidig bruk, og må inn i vidare budsjettprosess.

4.Det må settast av investeringsmidlar for Florø sjukehus og området rundt til institusjon. Utbygginga må gjennomførast i fleire byggetrinn i takt med framskrivingar av behov. Investeringsbehovet vert avhengig av løysing som vert vald. Frå tidlegare budsjettvedtak er det sett av kr: 200 millionar i perioden 2021-2025.

5.Framdriftplan for ein realisering av prosjektet må reviderast og status rapporterast i kvart utvalgsmøte.

2. Sekundært kan det være føremålstenleg å sjå på utbygging av kapasitet Florø Omsorgssenter i tillegg til utbygging på sjukehuseigedommen.

3. Kommunestyret legg til grunn at investeringane som i mellomtida vert gjort knytta til Furuhaugane omsorgssenter er avgrensa til det som er strengt naudsynt eller fører til innsparingar i perioden fram mot utfasing i tråd med pkt. 1.

Tilleggsframlegg, nytt pkt. 6, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

Kommunestyret føreset at utviklinga av institusjonskapasitet på sjukehusomta i størst mogleg grad skal skje gjennom bruk av eksisterande bygningsmasse på eigedommen.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet:

Punkt 1 med 5 underpunkt, og punkt 2: samrøystes vedteke.

Punkt 3: vedteke mot røystene til Raudt og SV (7).

Tilleggsframlegg frå SV og Frp falt mot røystene til Frp, SV, Raudt og Sp (16).

Nytt punkt 6 falt mot røystene til MDG, Raudt, repr. Frøyen og repr. Kongsvik (8).

KOST- 012/21 Vedtak:

Vedtak:

1. Kinn kommune skal løyse behovet for auka institusjonskapasitet i sør ved bruk av Florø Sjukehus og arealet rundt. Vedtaket inneber;

1.Utfasing av Furuhaugane Omsorgssenter som institusjon.

2.Finne alternativt bruk av Furuhaugane Omsorgssenter, herunder og mogleg salg.

3.Vedlikeholdsetterslep på Furuhaugane Omsorgssenter må vurderast i samsvar med framtidig bruk, og må inn i vidare budsjettprosess.

4.Det må settast av investeringsmidlar for Florø sjukehus og området rundt til institusjon. Utbygginga må gjennomførast i fleire byggetrinn i takt med framskrivingar av behov. Investeringsbehovet vert avhengig av løysing som vert vald. Frå tidlegare budsjettvedtak er det sett av kr: 200 millionar i perioden 2021-2025.

5.Framdriftplan for ein realisering av prosjektet må reviderast og status rapporterast i kvart utvalgs møte.

2. Sekundært kan det være føremålstenleg å sjå på utbygging av kapasitet Florø Omsorgssenter i tillegg til utbygging på sjukehuseigedommen.

3. Kommunestyret legg til grunn at investeringane som i mellomtida vert gjort knytta til Furuhaugane omsorgssenter er avgrensa til det som er strengt naudsynt eller fører til innsparingar i perioden fram mot utfasing i tråd med pkt. 1.

Bakgrunn for saka:

«Bakgrunnen for saka er sterkt behov for auke i kapasitet institusjonsplassar i Florødelen av Kinn kommune. Sist saka var handsama politisk 20. april 2020 vart det vedtatt følgande:

KOST-049/20 vedtak:

1. Kinn kommunestyre tek innover seg demografiske utfordringar, og framskrivingar av behov for døgnplassar i Florø, som bakgrunn for ny politisk handsaming av behov for auka institusjonskapasitet.

2. Det vert sett ned ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe for ny vurdering og oppdatering av vedtak i sak 035/18 frå Flora bystyre. I tillegg til å ta omsyn til dette vedtaket ligg Kinn kommune organisering, bærekraftig økonomi – drift og investering- og oppdaterte reglar for investeringstilskot til grunn for ny vurdering og politisk handsaming.

3. Det vert sett av 400.000 kr til planlegging av auka institusjonskapasitet. 250.000 kr av dette vert sett av til å bestille uhilda byggeteknisk rapport av Furuhaugane omsorgssenter.

4. Arbeidsgruppa skal ha 3 politiske representantar, som vert vald av kommunestyret etter vanlige reglar.

Desse tre med personleg vara vert vald:

1. Jon Olafsson. Vara: Marte Hollevik.

2. Arlene Vågene. Vara: Miriam Nesje.

3. Ronny Cassells. Vara: Ann Kristin Førde.

Den politiske arbeidsgruppa har no levert si innstilling. Den vert tatt med i saka under vurdering.

Saka omhandlar elles kommunedirektøren si vurdering og framlegg til vedtak, og faktorar som er

med i vurderinga for korleis kapasitetsbehovet kan løysast. Den syner og økonomiske konsekvensar

Saksopplysningar:

«Det har vore arbeidd med å planlegge auka institusjonskapasitet i Florødelen av Kinn kommune over mange år. For å sikre framdrift i arbeidet er det naudsynt å få et gjeldande politisk vedtak om utbygging og auke av institusjonskapasitet i Kinn kommune. Det er et prekært behov for handling, og tenestene opplever stort press på institusjonsplassar. Særleg for pasientar med langt komen demenssjukdom er institusjonsplass ofte riktig omsorgsnivå.

Mange faktorar har gjennom arbeidsprosessane vore spelt inn når det gjeld behov for utbygging. Dette er mellom anna;

1: Framskrivingar av behov for institusjonsplassar.

Framskrivingar av behov for institusjonsplassar i tidlegare Flora delen av kommunen syner at vi ventar oss ei stor auke i tal eldre som vil trenge institusjonstenester. Behovsauka vil særleg vise seg rundt 2025-2030. Faktorar for framskriving (bakgrunn for tal); Faktisk tal vi har av institusjonsplassar, og faktisk tildeling, kopla med folketalsframskrivingar frå SSB. Vi har sett vekk frå prosentvis dekningsgrad for institusjon. Prosentvis dekningsgrad har i alle år hatt som standard eit prosentvis behov for institusjonsplassar for personar over 80 år – noke som ikkje stemmer heilt med dagens brukargruppe.

Demografiske framskrivingar, og framskrivingar av behov for institusjonsplass syner at det hastar med politiske vedtak og finansiering for å auke institusjonskapasitet. Tildelingseininga for pleie og omsorgstenester i Kinn kommune merkar og at det er press på institusjonsplassane. Markegata 55 er per no oppbemanna som institusjon for å kunne ivareta nok behov for institusjonsplassar for demente. Tabellen under syner faktisk tal plassar vi har i dag, framskrive behov og behovet for fleire plassar.

Dekning institusjonsplasser pr. 18.01.2021	2020	2025	2030	2035	2040
Faktisk Tal institusjonsplasser (Floms 41 + 5 nye Floms frå 2021, Furuhaugane 51)	92	97	97	97	97
Framskrevet behov instit.plass, alle grupper	94	112	141	180	214
Avvik i høve plassar og behov (manglande plassar) akkumulert	-2	-15	-44	-83	-117

2. Alternative bygg, tomt og areal.

Diskusjonane rundt bygg, tomt og areal for auka kapasitet for institusjonsplassar har vore gjenstand for både politisk og administrativt arbeid i Florø over mange år.

Aktuelle alternative arena har vore utbygging ved Furuhaugane Omsorgssenter, Florø Omsorgssenter eller nybygg ved Sjukehuset. Det var tidlig avklart at det ikkje skal driftast 3 institusjonar i Florø. Det vert ikkje mogleg å ha nok kvalifisert personell til å ivareta bemanning i mange lokasjonar. Demografien vår syner at det vert færre yrkesaktive per eldre. Dette betyr at ei satsing på Florø sjukehus og området rundt har som konsekvens ei avvikling/utfasing av enten Furuhaugane Omsorgssenter eller Florø Omsorgssenter. Florø Omsorgssenter er vurdert som uaktuell å legge ned.

Det er moglegheit for utbygging ved Florø Omsorgssenter, i kombinasjon med enten sjukehuset eller Furuhaugane Omsorgssenter. Ei utbygging av Florø Omsorgssenter aleine vil ikkje dekke framskreve behov for institusjonsplassar.

I arbeidet, og til vurderinga ligg det mellom anna til grunn ein tilstandsvurdering frå OPAK om

Furuhaugane Omsorgssenter. Rapporten var bestilt – med mål om å kunne gi svar på tilstanden på bygget sin byggtekniske tilstand, og om Furuhaugane er formålstjenleg å satse på som omsorgsbygg. Tilstandsvurderinga inneheld (samandrag);

- Kostnader for aktuelle vedlikeholds-og utskiftingstiltak dei neste 10 åra på kr 43 360 000. Kostnader strakstiltak er kr 1 420 000 og moderniseringstiltak for oppgradering på kr 9 680 000. Dette pluss uforutsette utgifter utgjør tilsaman 60,30 millionar kr inkl. mva.
- Byggningsmessig: Bygget frå 1982 framstår generelt aldersprega, og i mindre god vedlikehalde stand. Det er betydeleg vedlikeholdsetterslep og moderniseringsbehov. Basert på ei heilskapleg vurdering anbefalar OPAK ei total oppgradering og rehabilitering av innvendige areal, og en rekke vedlikeholdstiltak på byggets klimaskjerm (fasadar og tak), og utvendige bygningsdeler. Det er og utdaterte løysingar på bygget som omsorgsbygg, mellom anna små og utdaterte bad. VVS-anlegga generelt framstår i mindre god vedlikehalde stand og er generelt utidsmessige.
- Elektrotekniske anlegg har passert forventa levealder i omsorgsbygget. I tilbygget er det elektriske anlegget i god stand.
- Miljø og energi: Det trengs oppgradering for å få bygget opp til dagens standard med tanke på energieffektivisering. Bygget ligg i dag på ca 225kWh/m², mens kravet frå TEK17 er på 195kWh/m² for sjukeheim. Det vert anbefalt ei rekke moderniseringar.
- Brannsikkerheit: Det vert anbefalt å gjennomføre brannteknisk tilstandsvurdering.
- Byggets tilpasningsdyktighet og alternativ bruk av bygget: Byggets evne til å endre bruk utan å endre dagens eigenskapar, er relativt liten. Det er moglegheiter for tilbygg grunna stor tomt. Moglegheiter for påbygg er avgrensa grunna byggets saltakskonstruksjoner, og vil vere kostnadsdrivande å løyse.

Status regulering området Furuhaugane Omsorgssenter: Eldre reguleringsplan og behov for ny plan ved utbygging.

Status regulering Florø sjukehus: Området er under regulering. Reguleringsplan er forventa ferdigbehandla i løpet av 2021.

3. Driftskonsekvensar – stordrift og samdrift.

Dei viktigaste faktorane som påverkar kostnadane per sjukeheims plass er; pleiefaktor (bemanning), lønnskostnader, stordriftsfordeler og smådriftsulempar. Viktig faktor er og nivå på faglege støttetjenester som årsverk lege, fysioterapi, mm. Årsverk etter pleiefaktor må aukast i samsvar med auke i plassar. Dette vert gjenstand for årlege budsjettprosessar. Tilgangen på kompetanse er og ein viktig faktor. Ved mangel på kompetanse – som ein kan få ved drift av mange lokasjonar, vil ein kunne få auka kostnader og bruk av overtid og bakvakter. Det vil og gå ut over kvaliteten på tenestene.

Stordriftsfordeler og smådriftsulempar: Omgrepa omhandlar begge om at kostnadane per eining vert redusert når storleiken per eining aukar. Det er særleg på kveld og natt pleiefaktoren kan reduserast ved større einingar. Ei grunneining oppnår stordriftsfordel når den overstig 13-14 årsverk. Når turnusgruppa er på eit nivå med 20 årsverk er stordriftsfordelane stort sett utnytta. Når det gjeld val av arena for institusjonsstruktur her vil uansett størrelsen tilseie at stordriftsfordeler vert nytta.

Samdriftsfordelar: Samdriftsfordelar kan oppstå ved at fleire tenestevariantar innan pleie- og omsorg kan nytte same arbeidskraft som sjukepleiarar, lege, ergoterapeut, fysioterapeut, helsefagarbeidarar mm. Døme på samdriftsfordelar kan vere å lokalisere heimeteneste i institusjon.

4. Driftskonsekvensar for bygg.

Driftskonsekvensar kjem an på størrelse på bygg. Store bygg gir stordriftsfordeler samanlikna med mindre bygg. Vidare saksgang med ulike modellar vil innehalde driftskonsekvensar.

5. Finansiering

Husbanken si ordning investeringstilskot til omsorgsbustader og sjukeheim skal stimulere

kommunane til å fornye og auke tilbodet av plassar i sjukeheim og omsorgsbustader. Det er krav til prosjekta at dei tar omsyn til prinsippa om normalisering og integrering i planlegginga. Det handlar om at bueiningane; ikkje skal være institusjonsliknande preg. Det bør bli plassert i ordinære og gode bumiljø. Det bør ikkje være for mange, og ulike brukargrupper må ikkje bli samlokalisert på ein uheldig måte.

Tilskotssats per plass i sjukeheim: 55% av maksimal godkjent anleggskostnad.

Tilskotssats per plass omsorgsbustad: 45 % av maksimal godkjent anleggskostnad.

Målgruppa for kommunens investeringstilskot:

Dei som kan få plass på sjukeheim eller omsorgsbustad, må ha vedtak frå kommunen/bydelen om at dei har behov for heildøgns helse- og omsorgstenester. Dette omfattar eldre og personar med; demens, utviklingshemming, anna funksjonshemming, psykiske problem, rus/sosiale problem.

Det er ikkje ordningar for eige tilskot for lokalt produksjonskjøkken (eller avdelingskjøkken) i tilknytning til institusjon. Denne ordninga vart avvikla 31.12.2020.

Eventuelle investeringstilskot til prosjektet går til fråtrekk for lånebehov. Det er vanskeleg å talfeste tilskot på dette tidspunkt i sakshandsaminga. Det er Husbanken som innvilger tilskot etter søknad på ferdige planlagde prosjekt.

Eksisterande avsetning til investering økonomiplan Kinn kommune:

	2021	2022	2023	2024	
<i>Auka institusjonskapasitet</i>	<i>1 000</i>	<i>10 mill.</i>	<i>50 mill.</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

I tillegg ligg det inne 140 mil i 2025. Tilsaman kr. 200 000 til institusjon. Dersom bygging skal framskyndast, må heile eller deler av dei 140 mil framskyndast. Dette vil få økonomisk konsekvensar i økonomiplanperioden. Dette må i tilfelle gjerast ved neste budsjetttrunde, etter at det er laga meir detaljert framdrift for prosjektet.»

Vurderingar:

Den politiske arbeidsgruppa si vurdering:

Tilråding til vidare politisk handsaming av auka institusjonskapasitet:

Arbeidsgruppa har bestått av Jon Valur Olafsson, leiar, Ronny Cassells og Arlene Vågene. Når gruppa vart satt skulle den være ei hurtigarbeidende gruppe. Dette opplever vi at ikkje var helt slik, men gruppa har arbeida godt ut i frå dei forutsetningane vi til ein kvar tid har hatt.

Vi har fått viktige avklaringar frå Husbanken, og seint i November 2020 kom endeleg den tekniske rapporten over tilstanden på Furuhaugane. Rapporten viser at det er store manglar og vedlikehaldsetterslep. I rapporten vert påpeika at noko av vedlikehaldsbehovet er akutt, og må utbetrast snarast. Dette er vedlikehaldsbehov som kommunen ikkje kan unnlate å gjennomføre. Gruppa anser det nødvendig at ei sak om vedlikehaldsbehovet på Furuhaugane, snarast vert å legge fram til politisk handsaming.

Konklusjon:

Arbeidsgruppa held fast på at det ikkje skal vere meir enn to institusjonar i Florø. Den eine er Florø Omsorgssenter, byggeteknisk er dette ein god institusjon som det er naturleg å drive vidare. Det har våre ulike meiningar, og saka har blitt drøfta breitt. Sett i lys av budsjettvedtaket frå desember 2020, der det vert fastslått at framtidig institusjonsutbygging skal realiserast på sjukehuseigedomen er det etter vår meining rett å gje slik tilråding til vidare politisk handsaming:

For å sikre framgang og progresjon er arbeidsgruppa si tilråding at det vert naturleg å nytte

sjukehusområdet til ein ny institusjon.

Kinn er ein kommune som skal legge til rette for at man kan bu så lenge som mogleg heime. Men det er viktig at vi har tilstrekkeleg med institusjonsplasser til dei som treng det. No er det press på tenestene og det er behov for fleire institusjonsplasser i Florø. Det er derfor viktig at vi bestemmer kvar ein ny institusjon skal byggjast, og at arbeidet med å bygge denne institusjonen kjem i gong så raskt som mogleg.

Vi ser for oss at ein trinnvis utbygging kan være naudsynt for å få tilgang på institusjonsplasser så raskt som råd. I dette ligg det og at Furuhaugane utfasast

Kommunedirektøren si vurdering:

Plassering:

Når det gjeld plassering av auka institusjonskapasitet vurderer kommunedirektøren at å nytte sjukehuset/sjukehustomta som arena for utbygging er den beste løysinga. Tilstandsrapporten om Furuhaugane Omsorgssenter synte betydeleg behov for oppgradering, modernisering og rehabilitering. Ei oppgradering og modernisering av Furuhaugane, vil gi reduksjon i kapasitet. Det er og utfordringar med å drifte ein full institusjon i ein byggefase. Ved å planlegge for nybygg av Florø sjukehus og arealet rundt kan ein nytte Furuhaugane Omsorgssenter som institusjon i byggeperioden.

Kapasitet Sjukehusområdet:

Det er tidlegare gjennomført ganske detaljerte moglegheitsvurderingar som gjeld kapasitet for sjukehusområdet.

Tal nye institusjonsplassar vil i stor grad vere avhengig av kva som vert eigna bygningsmasse for institusjon på tomta. Funksjonar som kjøkken, eventuelt dagtilbod, areal for rehabilitering, lokale til heimetenesta, kontorlokale og andre funksjonalitetar må inn i den vidare saksutgreiinga/planlegginga som må skje *etter* at kommunestyret har fatta vedtak om val av arena for vidare institusjonsbygging.

Ein av hovudproblematikkane når det gjeld institusjonskapasitet vil vere kva val som vert gjort vedrørande den eldre bygningsmassen på sjukehustomta. Bygningsmassen er antikvarisk og planfagleg ikkje vurdert med nokon form for bevaringsstatus. Kommunen står fritt til å bevare eller erstatte bygningsmassen med nye og funksjonelle bygningar. Den eldre bygningsmassen vert ikkje vurdert å kunne renoverast til institusjon. Dersom heile gamlebygget på Florø Sjukehus vert rive og ombygd til eit nytt omsorgsbygg, eller om det vert omgjort til andre funksjonar, så vil det ha konsekvensar for bruk av tomt.

Sentrumsplanen opnar for ei utbygging som vil kunne dekke kommunen sine behov for institusjonsplassar fram til 2040 innanfor det avsette området. Ei eventuell utbygging må gjennomførast i fleire byggetrinn.

Finansiering:

Utbygginga må finansierast ved kommunalt låneopptak. Husbanken oppgir en enhetspris pr. institusjonsplass på 3,5 millionar kroner. Eksempelvis vil då ei utbygging av 100 plassar koste 350 millionar kroner, forutsett at byggekostnaden ligg innafor Husbanken sin enhetspris. Investeringsstilskot går til frådrag av låneopptak.

I utgangspunktet gjeld reglane for nettotilvekst for investeringstilskot. Det vil seie at ved ei utbygging av nye plassar, samstundes som ein planlegg utfasing av eksisterande plassar – vil vi få fråtrekk for investeringstilskot for dei utfasa plassane. I dette tilfelle med utfasing av Furuhaugane

Omsorgssenter, eit fråtrekk på 51 plassar.

Etter møte med Husbanken og gjennomgang av tilstandsrapport av Furuhaugane Omsorgssenter er signala at Kinn kommune kan unngå krav om netto-tilvekst. Dette er imidlertid vanskeleg å seie sikkert før vi leverer søknad om investeringstilskot basert på ferdig prosjekt.

Framdriftsplan:

Utbygging omsorgsbygg Sjukehustomta Florø						
Aktivitet/ År	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Reguleringsarbeid						
Forprosjekt/ konsept/ arkitektur						
Utbygging byggesteg 1						
Utbygging byggesteg 2						

Økonomiske konsekvensar:

«Prosjektet vil påløpe betydelege økonomiske konsekvensar. Første byggetrinn vil påløpe endel ekstra kostnader knytt til ei samla utbygging. Totalkostnaden vil være avhengig av størrelse på institusjon og tal plassar i dei ulike byggetrinna.

Behov for nybygg sjukehustomta ved avvikling av Furuhaugane - og følgande investeringsbehov:	2025	2030	2035	2040
Behov for auka kapasitet akkumulert	15	44	83	117
Erstatning av plassar Furuhaugane akkumulert	51	51	51	51
Behov for nybygg sjukehustomta, plassar akkumulert	66	95	134	168
Investeringsbehov akkumulert (behov x enhetspris 3,5 mill.)	231 mill.	332,5 mill.	469 mill.	588 mill.

Eksisterande avsetting til investering økonomiplan Kinn kommune:	2021	2022	2023	2024
	10 mill.	50 mill.	0	0


I tillegg ligg det inne 140 mil i 2025. Tilsaman kr. 200 000 til institusjon. Dersom bygging skal framskyndast, må heile eller deler av dei 140 mil framskyndast. Dette vil få økonomisk konsekvensar i økonomiplanperioden. Dette må i tilfelle gjerast ved neste budsjettrunde, etter at det er laga meir detaljert framdrift for prosjektet »

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Lov om kommunale helse og omsorgstenester. Kap 3.»

Vedlegg i saken:

2020-11-12 Tilstandsrapport Furuhaugane



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/21	Formannskapet	09.02.2021
013/21	Kommunestyret	18.02.2021

Grensejustering Bryggja - godkjenning av meklingsprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Meklingsprotokollen vert godkjend
2. Kommunedirektøren kan trekke kravet om handsaming av paragraf 19 i *Skjønsmemnda etter inndelingslova*, dersom Stad kommunestyre godkjenner meklingsprotokollen
3. Kommunestyret stadfestar at oppgjer etter inndelingslova § 21 vert sendt *Skjønsmemnda etter inndelingslova*.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.02.2021

1. Meklingsprotokollen vert godkjend
2. Kommunedirektøren kan trekke kravet om handsaming av paragraf 19 i *Skjønsmemnda etter inndelingslova*, dersom Stad kommunestyre godkjenner meklingsprotokollen
3. Kommunestyret stadfestar at oppgjer etter inndelingslova § 21 vert sendt *Skjønsmemnda etter inndelingslova*.

Formannskapet 09.02.2021:

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

FORM- 008/21 Vedtak:

1. Meklingsprotokollen vert godkjend
2. Kommunedirektøren kan trekke kravet om handsaming av paragraf 19 i *Skjønsnemnda etter inndelingslova*, dersom Stad kommunestyre godkjenner meklingsprotokollen
3. Kommunestyret stadfestar at oppgjer etter inndelingslova § 21 vert sendt *Skjønsnemnda etter inndelingslova*.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Forslag fra Sp, foreslått av Sidsel Fænn Kongsvik, Kinn Senterparti

Oppgjer etter grensejustering av Bryggja på 30 mill skal i si heilhet gå til reduksjon av låneopptak på Kulatoppen

Røysting:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedtatt.

Tilleggsframlegg frå SP v/varaordførar Kongsvik falt mot 11 røyster (SP-7, Rødt-4).

KOST- 013/21 Vedtak:

1. Meklingsprotokollen vert godkjend
2. Kommunedirektøren kan trekke kravet om handsaming av paragraf 19 i *Skjønsnemnda etter inndelingslova*, dersom Stad kommunestyre godkjenner meklingsprotokollen
3. Kommunestyret stadfestar at oppgjer etter inndelingslova § 21 vert sendt *Skjønsnemnda etter inndelingslova*.

Bakgrunn for saka:

Fylkesmannen har mekla mellom oss og Stad kommune etter grensejustering av Bryggja.

Vi er samde om at Stad kommune skal betale oss 30 millionar kroner.

Det er oppgjer etter inndelingslova § 19 for følgjande eigedomar og anlegg:

- Kommunale vegar
- Bryggja omsorgssenter
- Bustader – Strandavegen 20
- VA-anlegg
- Bryggja skule

Kyrkje og gravplass.

I forhandlingsutvalet sat ordførar Ola Teigen, varaordførar Sidsel Kongsvik og kommunestyremedlem Morten Hagen.

Saksopplysningar:

Inndelingslova har to former for oppgjer etter ei grensejustering.

Den *første* etter § 19.

Om oppgjer for eigedomar, bygg og anlegg, infrastruktur og liknande. Då er vi på punkt 1 i vedtaket der eg rår dykk til å godkjenne eit oppgjer på 30 millionar kroner.

Den *andre* etter § 21.

Om erstatning til ein kommune fordi grensejusteringa svekker den kommunen sin økonomi.

Forhandlingane etter denne paragrafen førte ikkje fram. Vi hevdar det er rimeleg med ei erstatning, Stad meiner ikkje det. Vi krev handsaming i skjønnsnemnda. Punkt 3 i vedtaket handlar om det.

Kommunedirektøren har formelt sendt saka til nemnda. Dei har stadfesta mottaket. Dei har kome med ein plan. Sjå vedlegg.

Legg merke til at kravet om handsaming i skjønnsnemnda handlar om begge paragrafane.

Kravet til § 19 gjer vi med atterhald om godkjenning i kommunestyra. Skjer det, trekk vi kravet kopla til den paragrafen. Det går fram av meklingsprotokollen og oversendinga til nemnda.

Opgjer etter § 21 blir ikkje omtala meir her.

No handlar det om oppgjeret etter § 19.

Lovteksten:

§ 19. Grensejusteringar

Blir eit område skilt ut frå ein kommune eller eit fylke og lagt til ein annan kommune eller eit anna fylke, skal den retten som den første kommunen eller fylkeskommunen har til vegar, gater, bruer, offentlege plassar og annan forvaltningseigedom som fullt ut eller i svært stor grad tener vedkomande område, overførast til den andre kommunen eller fylkeskommunen.

Annan eigedom kan fordelast mellom kommunane eller fylkeskommunane, eller påbydast nytta i fellesskap, dersom dette er rimeleg og formålstjenleg ut frå kommunale eller fylkeskommunale omsyn. Skjønnsnemnda, jf § 23, avgjer i kva forhold delinga eller samarbeidet skal gå føre seg, og kan fastsetje nærmare vilkår.

Skjønnsnemnda kan avgjere at gjeld som ein kommune eller fylkeskommune har stifta i samband med kjøp av eller påkostnad på eigedom som nemnt i første og andre ledd, heilt eller delvis skal takast over av den kommunen eller fylkeskommunen eigdommen blir overført til. Eventuelt kan

det fastsetjast at vedkomande kommune eller fylkeskommune skal betale vederlag for eiedommen i pengar.

Dersom det ikkje blir teke særskilt avgjerd, skal rettar og plikter som ikkje er fordelte etter første til tredje ledd i denne paragrafen, bli att hos den opphavlege kommunen eller fylkeskommunen.

Vurderingar:

Kommunane Vågsøy og Selje/Eid starta forhandlingane. Seinare Vågsøy og Stad (vald av fellesnemnda). Flora tok ikkje del. Det vart opphald i forhandlingane tidleg i 2020. Så forhandla vi slik de les i meklingsprotokollen.

Utgangspunktet er at oppgjer skal skje med grunnlag i gjenståande verdi på eit objekt (skulebygg, veg, institusjon og slikt). Vi kan også sjå på kor stor gjeld som står att på éi spesiell investering. Eit utgangspunkt, men ikkje regel.

Praksis frå tidlegare saker, også dei i skjønsmemnda, er at den bokførte verdien og gjelda vert nytta som grunnlag.

Då er eit oppgjer på 30 millionar kroner rett.

De er kjende med at vi sendte eit krav på nær 175 millionar. For det *første*, det var det sist drøfta nivået på kravet i Vågsøy. For det *andre*, kravet gjeld begge paragrafane, både oppgjer og erstatning.

Forhandlingsutvalet og kommunedirektøren meiner det kravet er urealistisk for oppgjer etter § 19. Det bygde på kva det vil koste å erstatte det vi overførte Stad; kva kostar ein ny skule, eit veglys, å legge asfalt, og liknande?

Vi skal vere open om at vi sleit med å dokumentere gjenståande gjeld knytt til nokre av objekta. Investeringane har vorten refinansiert opp til fleire gonger. Nokre av prosjekta på Bryggja vart også betalt over drifta til Vågsøy kommune. Då finn ikkje vi gjeld eller bokført verdi på dei. I så måte har Stad kommune vore ryddige i forhandlingane og teke omsyn til det i sine tilbod.

Rett før jula 2020 vart vi samde om å legge gjeld og bokførte verdier til grunn. Igjen; og i lys av det, er oppgjeret rett.

.

Eg rår kommunestyret til å godkjenne meklingsprotokollen. Eg ber om kommunestyret si stadfesting på at vi sender saka om erstatning (§21) til skjønsmemnda.

Økonomiske konsekvensar:

Kinn vil få 30 millionar kroner frå Stad når protokollen er godkjend i begge kommunestyra.

Vert å inntektsføre i investeringsrekneskapen, men då Vågsøy kommune også betalte nokre av tiltaka over drifta, vil eg føre delar til driftsrekneskapen. Det kjem eg tilbake til.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Inndelingslova, spesielt §§ 19 og 21


Ot. prp. nr 28 1955

Ot. Prp. nr 41 2000

Rundskriv H – 10/15 2017

Vedlegg i saken:

Referat og protokoll etter meklingsmøte 19.11 og 21.12.2020 om økonomisk oppgjør etter
grensejusteringa på Bryggja
Krav om skjønn(146939)
20/42515 Krav om skjønn



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/21	Oppvekst- og kulturutvalet	09.02.2021
014/21	Kommunestyret	18.02.2021

Plan for flytting av Skram skole til modulskulen på Tennebø

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Skram skole flytter til modulskolen på Tennebø sommaren 2021, og starter opp i modulskolen ved skulestart august 2021

Oppvekst- og kulturutvalet 09.02.2021:

Handsaming:

Ekstrapunkt til administrasjonens forslag, foreslått av Leif Magne Gil, Kinn Arbeiderparti

1. Elevar frå vestre krets skal ha eigen skuleskyss direkte til Skramsmarka (sør). Dette for å unngå ferdsel i eit anleggsområde.
2. Det skal forhandlast på nytt med Skavøypoll idrettslag om alternative leigeløysningar.
3. Det skal utarbeidast ei oversikt over bruk av uteområdet. Dette skal leggjast fram for oppvekst- og kulturutvalet.

Utsettelses forslag, foreslått av Fredrik Smiley Egeberg, Kinn Senterparti

Kinn SP ønsker å utsette dette vedtaket, slik at utvalget kan få nødvendig info før vi fatter vedtak.

Kommunalsjef Ellen Jåvold orienterte og svarte på spørsmål.

Utvalet ønsker at kommunalsjef Rolf Bjarne Sund er med på neste møte.

Votering:

Utsettingsforslag frå SP v/Fredrik Smiley Egeberg falt med fem stemmer, AP-v/Leif Magne Gil og Doris Christensen, H-v/Anett Berg og Bengt Solheim-Olsen, V-v/Edvard Iversen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslag frå AP v/Leif Magne Gil sitt framlegg samrøsytes vedtatt.

OPKUV- 013/21 Vedtak:

Skram skole flytter til modulskolen på Tennebø sommaren 2021, og starter opp i modulskolen ved skulestart august 2021

1. Elevar frå vestre krets skal ha eigen skuleskyss direkte til Skramsmarka (sør). Dette for å unngå ferdsel i eit anleggsområde.
2. Det skal forhandlast på nytt med Skavøypoll idrettslag om alternative leigeløysningar.
3. Det skal utarbeidast ei oversikt over bruk av uteområdet. Dette skal leggjast fram for oppvekst- og kulturutvalet.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Raudt tilleggspunkt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

4. Saken følges opp av OK-utvalet som får en orientering om planer og framdrift på hvert møte fram til sommarferien.

Framlegg frå SV, foreslått av Ingunn Kjersti Frøyen, Kinn Sosialistisk Venstreparti

Saka vert utsett til det er utarbeidd konkrete planar for utbygging av Skram skole og for organisering av flytting og drift av skulen i byggetida.

Oppvekst- og kulturutvalet sitt vedtak, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

Skram skole flytter til moduls skolen på Tennebø sommaren 2021, og starter opp i moduls skolen ved skulestart august 2021

1. Elevar frå vestre krets skal ha eigen skuleskyss direkte til Skramsmarka (sør). Dette for å unngå ferdsel i eit anleggsområde.
2. Det skal forhandlast på nytt med Skavøypoll idrettslag om alternative leigeløysningar.
3. Det skal utarbeidast ei oversikt over bruk av uteområdet. Dette skal leggjast fram for oppvekst- og kulturutvalet.

Røysting:

Utsettingsframlegget frå SV v/repr. Frøyen falt mot 10 røyster, (SV-3 og SP-7).

Oppvekst- og kulturutvalet sitt framlegg samrøystes vedtatt.

Framlegg frå Raudt v/repr. Henriksson, nytt pkt. 4, samrøystes vedtatt.

KOST- 014/21 Vedtak:

Skram skole flytter til moduls skolen på Tennebø sommaren 2021, og starter opp i moduls skolen ved skulestart august 2021

1. Elevar frå vestre krets skal ha eigen skuleskyss direkte til Skramsmarka (sør). Dette for å unngå ferdsel i eit anleggsområde.
2. Det skal forhandlast på nytt med Skavøypoll idrettslag om alternative leigeløysningar.
3. Det skal utarbeidast ei oversikt over bruk av uteområdet. Dette skal leggjast fram for oppvekst- og kulturutvalet.
4. Saken følges opp av OK-utvalet som får en orientering om planer og framdrift på hvert møte fram til sommarferien.

Bakgrunn for saka:

I samband med prosjektet ny skule på Skram, må skulen midlertidig flytte drifta av skulen til moduls skolen på Tennebø. Når prosjektet no er vedteken og starta opp, vil det vere føremålstenleg at drifta vert flytta sommaren 2021, slik at skulen kan starte opp i lokala til moduls skulen august 2021.

Tilsyn frå folkehelseavdelinga

I november 2020 vart det gjennomført eit hendingsbasert tilsyn frå folkehelseavdelinga på Skram skule. Hendinga var meldt inn av lege og hadde samband med lekkasjar og fukt i bygg og påfølgjande helseplager for tilsette. Etter tilsynet gjorde folkehelseavdelinga følgjande vedtak:

Vedtak

Med bakgrunn i opplysningar frå møte og synfaring 26.11.2020 vert det i medhald av delegert mynde frå Kinn kommunestyre gjort følgjande vedtak:

1. Skram skule er ikkje godkjend etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* før ein har motteke tilfredsstillande tilbakemelding på punkt 2-4.
2. Grupperom kan ikkje nyttast før vasslekkasje og fuktskader er utbetra. Alt fuktskada byggemateriale må fjernast.
3. Før rehabilitering av yttervegg til sløydsal, kan rommet ikkje brukast i lengre økter, dvs. at elevar kan opphalde seg her i maks ein skuletime samanhengande. I friminutt skal elevane ut av sløydsalen og rommet skal luftast godt før elevane kjem tilbake.
4. Det må utarbeidast ein rehabiliterings- og vedlikehaldsplan for bygget.

Tidsfrist for tilbakemelding på vedtaket er 31.01.2021.

Punkt 2 og 3 i vedtaket er gjennomført i tråd med vedtaket. Punkt 4 vert å kome tilbake til etter politisk handsaming av plan for flytting til modulskulen. Dette er avklara med folkehelseavdelinga.

Saksopplysningar:

Slik modulskulen er i dag, er det ikkje nok plass til å huse alle elevane frå Skram skule. Dette kan løysast ved at skulen tar i bruk klasserom i samfunnshallen til 7.trinn og at 1.klasse fortset å ha tilhald i Skramsmarka, der 1.klasse held til i dag. Med denne løysinga er det plass til dei resterande elevane i 2.-6.trinn.

For å legge til rette for god skuledrift for Skram skule i modulbygget, må det gjerast nokon innvendige justeringar og det må leggjast til rette for eit godt uteområde.

Flytting til modulskolen vil føre til meir skyssutgifter. Alle elevane vil ha rett på skuleskyss. Kommunen må gå i dialog med fylkeskommunen for å få dette på plass. Det er fylkeskommunen som held bussane. Kommunen får ei utgift med billettprisar for elevane.

Kostnadsoverslag Modulskule Tennebø

Utvendige og innvendige tilpassingar for mottak av Skram skole

Innvendige tiltak

Nettverk og trådlause sendarar:	200 000 kr
---------------------------------	---------------

trådlause boksar, switcher/huber samt installasjon
12 aksesspunkter eller sendarar .

Tiltak i bygget: dører, vindauge, tilpassing av innvendige vegger	350 000 kr
---	---------------

sparkling og maling overflater.

Flytting fra Skram til Tennebø: Leige av biler, mannskap og utstyr for flytting.	300 000 kr
--	---------------

Andre, ikkje planlagde kostnader	190 000 kr
----------------------------------	---------------

Utvendige tiltak

Leige areal (Skavøypoll idrettslag, 40 mnd.): areal og vilkår er nærare omtala i eigen avtale.	840 000 kr
--	---------------

Inngjerding av uteareal: Det må etablerast skjerming i form av gjerde mot bilveg til Nordfjordhallen, fotballbane og modulskole.	200 000 kr
--	---------------

Uteleiker/aktivitetsinnstallasjonar.	100 000 kr
--------------------------------------	---------------

Sum alle tiltak:	2 180 000 kr
-------------------------	---------------------

Skysskostnader:

Kommunen betalar billett-kostnader for elevane når det gjeld skuleskyss. Alle elevane vil ha rett på skuleskyss.

Tal elevar: 200

Billettpris per dag: Kr. 35

Tal dagar per år: 190

Skysskostnad per år: 1 330 000

Vurderingar:

Det er svært ønskeleg at Skram skole får flytte til modulskolen slik det er omtala i saka. Det er mest tenleg at det skjer i samband med sommerferie og oppstart av nytt skuleår. Det har vore mykje usikkerhet for skulen dei siste åra, og nå når avgjerda om ny skule er tatt, er det viktig at skulen får ei mellombels løysing som er god. Tilsynet frå folkehelseavdelinga gjer behov for flytting enda meir aktuell.

Økonomiske konsekvensar:


I samband med oversyn over kostnader må det peikast på at utgifter knytt til drift av bygningane ved Skram skole vil forsvinne. Det er ikkje tatt med i dette reknestykket. Kostnadsoverslaget ved flyttinga og skyssutgiftene vert å finansiere over investeringa knytt til Skram skole.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Skram skole - Rapport frå hendingsbasert tilsyn (L)(140066)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/21	Plan-, miljø og næringsutvalet	26.01.2021
009/21	Formannskapet	09.02.2021
015/21	Kommunestyret	18.02.2021

Reservevasskjelde Florø vassverk - Framdriftsplan

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kinn kommune skal etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.
2. Framdriftsplan og metode for etablering av reservevasskjelde, vert godkjent slik den kjem fram i saksutgreiinga.
3. Administrasjonen skal legge hovudinvesteringa inn framlegg til revidering av økonomiplan frå og med 2022. Prosjekteringsmidlar i 2021, blir vurdert i fyrste revidering av årsbudsjettet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.02.2021

1. Kinn kommune skal etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.
2. Framdriftsplan og metode for etablering av reservevasskjelde, vert godkjent slik den kjem fram i saksutgreiinga.
3. Administrasjonen skal legge hovudinvesteringa inn framlegg til revidering av økonomiplan frå og med 2022. Prosjekteringsmidlar i 2021, blir vurdert i fyrste revidering av årsbudsjettet.
4. Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar eller andre når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Plan-, miljø og næringsutvalet 26.01.2021:

Handsaming:

Tilleggsframlegg, nytt punkt:, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedtatt.

Tilleggsframlegg, nytt punkt 4, frå Venstre v/leiar Nødseth, samrøystes vedtatt.

PMNUV- 006/21 Vedtak:

1. Kinn kommune skal etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.

2. Framdriftsplan og metode for etablering av reservevasskjelde, vert godkjent slik den kjem fram i saksutgreiinga.
3. Administrasjonen skal legge hovudinvesteringa inn framlegg til revidering av økonomiplan frå og med 2022. Prosjekteringsmidlar i 2021, blir vurdert i fyrste revidering av årsbudsjettet.
4. Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Formannskapet 09.02.2021:

Handsaming:

Korrigert punkt 4, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar eller andre når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Røysting:

Tilrådinga frå PMN-utvalet, og korrigert punkt 4 frå repr. Nødseth vart samrøystes vedteke.

FORM- 009/21 Vedtak:

1. Kinn kommune skal etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.
2. Framdriftsplan og metode for etablering av reservevasskjelde, vert godkjent slik den kjem fram i saksutgreiinga.
3. Administrasjonen skal legge hovudinvesteringa inn framlegg til revidering av økonomiplan frå og med 2022. Prosjekteringsmidlar i 2021, blir vurdert i fyrste revidering av årsbudsjettet.
4. Utbygging av vindkraft på Guleslettene og konkret plassering av vindindustri nær Sagavatnet, har aktualisert behovet for reservevasskjelde. Kommunen skal følgje opp om det i denne konteksten skal fremjast krav mot utbyggjar eller andre når ein no skal etablere reservevasskjelde.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Sak utsett til møte i kommunestyret 25.03.2021.

KOST- 015/21 Vedtak:

Sak utsett til møte i kommunestyret 25.03.2021.

Bakgrunn for saka:

Mattilsynet har i brev av 3. november 2020 til Kinn kommune gjort vedtak om pålegg for å etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.

Vedtaket er heimla i drikkevassforskrifta § 9 Leveringssikkerhet 1. ledd.

Saka gjeld politisk forankring av framdriftsplan for etablering av reservevasskjelde.

Kommunalt vedtak om etablering og framdriftsplan skal sendast Mattilsynet innan 1. april 2020.

Saksopplysningar:

Det vart i 2019 utført ei undersøking av Keipevatnet som mogleg reservevasskjelde. Keipevatnet ligg på kote 434 m.o.h kring 5 km sør-aust for Sagavatnet. Keipevatnet har eit neslagsfelt på 3,1 km² og vassprøver viser god kvalitet.

Keipevatnet er godt eigna som råvasskjelde og det er dette vatnet Kinn kommune ser for seg å nytte som reservevasskjelde for Florø vassverk.

Administrasjonen viser til overordna framdriftsplan som vist under.

Reservevasskjelde skal vere ferdigstilt i 2025, dette vil vere i tråd med Mattilsynets forventningar om framdrift. Dato for milepælar frå 2021 til 2025 kan variere noko. Administrasjonen meiner framdriftsplan som skissert vil vere realistisk og gjennomførbar vurdert ut frå det ein har av bakgrunnsinformasjon i dag.

Milepæl	2021	2022	2023	2024	2025
Oppstart forprosjektering	August				
Ferdigstilling forprosjektering	Oktober				
Oppstart detaljprosjektering		Januar			
Ferdigstilling detaljprosjektering		Juni			
Søknader, innhenting løyver osv Anbodskonkurranse/ Utlysning		August September			
Tildeling entreprise		Desember			
Oppstart utbygging			Mars		
Utbygging				Heile	
Ferdigstilling					Mai

Forprosjekt skal i tillegg til å kartlegge metode for etablering av reservevatn, studere og kartlegge framtidig vassbehov knytt til hushaldningar og ikkje minst næring.

Utskiifting av overføringsleidningar frå eksisterande vasskjelde Sagavatnet er under planlegging og ligg inne i økonomiplan 2021-2024. Kinn kommune må sjå Sagavatnet og den nye kjelda i samanheng og dimensjonere for tilstrekkeleg kapasitet basert på kartlegging av framtidig behov.

Vurderingar:

Kinn kommune har fått pålegg frå Mattilsynet om å etablere reservevasskjelde for Florø vassverk.

Florø har per i dag kun ei råvasskjelde, noko som betyr at samfunnet er sårbart dersom kjelda vert slått ut. Konsekvensar ved bortfall av vatn er svært store.

Dagens kjelde og reinseanlegg har god kapasitet ut frå dagens behov, likevel ser ein allereie no signal på at framtidig behov kan verte mykje større. Etablerte næringer og framtidige næringer vil krevje store mengder vatn. Ei kartlegging av framtidig behov må gjerast.

Når ein no må etablere ei ny reservevasskjelde, vil kapasiteten på råvatn bli svært stor.

Overføringsleidning og reinsekapasitet må dimensjonrast ut frå kartlegging av framtidig behov. Det er avgjerande å sjå dei 2 råvasskjeldene i samanheng i planlegginga vidare.

Økonomiske konsekvensar:

Estimert kostnad for etablering av reservevasskjelde er per dags dato kring 50 MNOK. Ei meir nøyaktig kalkyle vil komme etter prosjektering. Kostnaden vil også vere avhengig av antall overføringsleidningar og eventuelt behov for nytt vassbehandlingsanlegg. Kartlegging av framtidig vassbehov under forprosjektering vil avdekke og opplyse behov.

Det er naturleg med ny politisk involvering etter at forprosjekt med kartlegging er gjennomført.

Kostnaden vert i sin heilskap belasta sjølvkostområdet vatn. Dette vil innebære ei auke av gebyra i

høve dagens nivå, i og med at denne investeringa ikkje er innarbeid i gjeldande økonomiplan. Auka vil bli retaltivt liten. Grunnen til dette er at ei slik investering kan skrivast av over ein lang tidsperiode, i praksis opp til 70 år.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Drikkevassforskrifta

Vedlegg i saken:

Vedtak om plan for reservevasskjelde og plan for nødvatn - Kinn Vassverk Florø


Rapport_Utgreiing_Reservevasskjelde Keipevatnet

Vedlegg 1_Rapport_Norconsult_Keipevannet

Vedlegg 2_Vassprøver

Vedlegg 3_Teikning 01

Vedlegg 4_Teikning 02



Kinn kommune

Arkiv: PlanId-20200110,
PlanNamn-Steinvik,
gbnr 88/6 mfl -
akvakultur/visningsse
nter/museum,
PlanType-35, FA-L12,
GBN-88/6

JournalpostID: 21/1163

Sakshandsamar: Kristian Ferdinand
Adolphsen

Dato: 13.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/21	Plan-, miljø og næringsutvalet	26.01.2021
016/21	Kommunestyret	18.02.2021

Sluttbehandling - Detaljregulering for Steinvik, gbnr 88/6 mfl - akvakultur/visningscenter/museum

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Steinvik fiskefarm, gbnr. 88/6 m.fl. akvakultur/visningscenter/museum for veteranbil, planID 202000110, med planomtale og ROSanalyse, plankart og føresegner sist datert 26.05.2020
- 2.
3. Ved godkjenning av Privat detaljreguleringsplan for Steinvik, gbnr 88/6 mfl - akvakultur/visningscenter/museum, planID 20200110 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til Privat detaljreguleringsplan - Hopen, Gbnr.88/3, Bustad, plan ID 140120100105.
3. Ved godkjenning av Privat detaljreguleringsplan for Steinvik, gbnr 88/6 mfl - akvakultur/visningscenter/museum, planid 20200110 vert punkt 3.2.7. D.

i føresegner endra til:

«Minimum 5% av parkeringsplassane skal til rette leggst for lading av elbil.»

Plan-, miljø og næringsutvalet 26.01.2021:

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMNUV- 008/21 Vedtak:

1.Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Steinvik fiskefarm, gbnr. 88/6 m.fl. akvakultur/visningscenter/museum for veteranbil, planID 202000110, med planomtale og ROSanalyse, plankart og føresegner sist datert 26.05.2020

2.Ved godkjenning av Privat detaljreguleringsplan for Steinvik, gbnr 88/6 mfl - akvakultur/visningscenter/museum, planID 20200110 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til Privat

detaljreguleringsplan - Hopen, Gbnr.88/3, Bustad, plan ID 140120100105.

3.Ved godkjenning av Privat detaljreguleringsplan for Steinvik, gbnr 88/6 mfl - akvakultur/visningssenter/museum, planid 20200110 vert punkt 3.2.7. D. føresegner endra til: «Minimum 5% av parkeringsplassane skal til rette leggst for lading av elbil.»

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes vedteke.

KOST- 016/21 Vedtak:

1.Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Privat detaljregulering for Steinvik fiskefarm, gbnr. 88/6 m.fl. akvakultur/visningssenter/museum for veteranbil, planID 202000110, med planomtale og ROSanalyse, plankart og føresegner sist datert 26.05.2020

2.Ved godkjenning av Privat detaljreguleringsplan for Steinvik, gbnr 88/6 mfl - akvakultur/visningssenter/museum, planID 20200110 tek ein sikte på å tilpasse ny plan til Privat detaljreguleringsplan - Hopen, Gbnr.88/3, Bustad, plan ID 140120100105.

3.Ved godkjenning av Privat detaljreguleringsplan for Steinvik, gbnr 88/6 mfl - akvakultur/visningssenter/museum, planid 20200110 vert punkt 3.2.7. D: i føresegner endra til:

«Minimum 5% av parkeringsplassane skal til rette leggst for lading av elbil.»

Kva saka gjeld:

Hovudformål med reguleringsplanarbeidet er å legge til rette for ei vidareutvikling av Steinvik Fiskefarm sitt akvakulturanlegg i Steinvik.

Fiskeridirektoratet har peika ut Steinvik fiskefarm som «særleg eigna» for formidling av akvakultursnæring. Krav i visningssesjonen og tal besøkande gjer trong til betring av dagens situasjon med små og ueinga lokaler.

Reguleringsplanen legg til rette for utviding gjennom eit nybygg til etablert visningssenter med tilhøyrande uteområde for aktivitetar og fritidstilbod, gjenreising av gamle bygg i tilknytning til visningssenteret.

Planen legg òg til rette for museum for veteranbilar i forlengelse av visningssenteret, publikumsparkering, busshaldeplass mm. Planlagt visningssenter vil vere ope for skuleklassar, turistar og andre som har interesse av å læra meir om norsk sjømatproduksjon. Ved visningssenteret tenker ein å utvikle faste og skiftande utstillingar knytt til næringa, samt kafé og akvarium.

Utstilling av veteranbilane har vore viktige innslag på open-dag-arrangement ved anlegget, og planen opnar for at utstillingane kan gjerast tilgjengeleg heile året. Planen legg såleis til rette for eit samla og breitt formidlingstilbod for historie knytt til havbruk, kyst og bilar

Innleiing:

Planforslaget

Forslag til Privat detaljregulering for Steinvik fiskefarm, gbnr. 88/6 m.fl. akvakultur/visningssenter/museum for veteranbil, planID 202000110 er motteke frå iVest Consult AS. Bakgrunn for saka og beskriving av tiltaket går

fram av forslaget med tilhøyrande beskriving.

Formålet med reguleringa/omreguleringa

Reguleringa legg opp til at delar av formålet for akvakultur VAS skal nyttast til offentleg/privat tenesteyting BOP med tilhøyrande parkeringsareal SSP.

Forhold til overordna planar

Planforslaget vurderast til å i hovudsak vere i tråd med dei overordna planane. Området er i kommuneplanens arealdel for perioden 2017-2021 vedteken 21.03.2017 avsett til arealformåla akvakultur VAS. Ny tilkomst frå sør vil går gjennom område avsett til LNF.

Reguleringsplanen stadfester i stor grad dagens situasjon, der det drivast med oppdrett og visning. Visningen kan både inngå i arealføremåla VAS og i BOP.

Museet for veteranbil vurderast som forlenging og betring av alleireie etablert tilbod innan formidling, kultur og fritid. Føremålet i det gjeldande området endrast difor frå VAS til BOP og SSP for å imøtekomme auka aktivitet. SSP vurderast òg til å betre vilkåra for samtidig drift av oppdrettsanlegget.

Eventuelle plankrav frå overordna plan: Kommuneplanens arealdel stiller krav til detaljregulering.

Eventuelle endringar i forhold til den overordna planen:

Deler av VAS gjerast om til BOP og SSP. Tilkomstveg SKV2 og snuhammar SKV5 ligg i LNF, der SKV2 ligg i bratt terreng og SKV5 knytt seg til eksisterande landbruksveg.

Førstegongsbehandling

Planforslaget vart førstegongsbehandla av Plan –og samfunnsutvalet 18.06.2020, sak 48/20. Plan –og samfunnsutvalet vedtok å fremje saka, sende henne på høyring og leggje henne ut til offentleg ettersyn.

Høyringsfråsegner

Planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 26.06.2020 til 04.09.2020, med utsett frist til 19.09.2020. I same periode vart forslaget sendt til uttale mellom anna til regionale myndigheiter og grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for. Det kom inn totalt **eitt** fråsegn. Dei følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg.

Endringar etter førstegongsbehandling

Dei viktigaste endringane etter førstegongsbehandling:

Som ledd i kvalitetssikringa av planforslaget, og for å rette seg etter høyringsfråsegner, er det gjort mindre endringar, der punkt **3.2.7. D.** i føresegnar vert endra til:

«Minimum 5% av parkeringsplassane skal til rette leggest for lading av elbil.»

Motsegner

Det vart varsla motsegn til planen frå Statsforvalteren i Vestland, tidlegare Fylkesmannen, der saksområdet vart påverka. Statsforvalteren har trekt sitt motsegn i brev datert 04.01.2021, men oppmodar til å ta omsyn til naturveriane i strandsona ved å revurdere byggeomfang, i sær for parkeringsplass SSP.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

Vurdering:

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merkandane.

Motsegner

Motsegn frå Statsforvaltaren i Vestland er trekt etter utgreiing av alternative plasseringar (sjå brev frå Fylkesmannen i Vestland, datert 04.01.2021) og Kommunestyret kan gjere endeleg planvedtak.

Samla vurdering:

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og varetek nødvendige omsyn. Kommunen står overfor fleire utfordringar i dette området. Det er ein interesse motsetnad mellom omsynet til naturverdiar i strandsona, og ønsket om tilrettelegging for museet, samt behov for naudsynt parkeringsareal for heile tiltaket.

Utgreiing av alternative plasseringar av museet for veteranbil, samt parkeringsplassar i LNF-området på vestsida av fylkesveg 5697 har vist seg til å vere i strid med noverande gardsdrift, samstundes som ei oppdeling av visningslokalane truleg vil minke kvalitet og attraktivitet av eit samla tilbod. Delinga vil med det same auke fare for mjuke trafikkantar, slik det òg kjem fram i fråsegn frå Statens vegvesen.

Administrasjonen er samde i at visningssenter, museum og parkering må samlokalisast for å kunne bidra til eit varig, trygt og heilskapleg tilbod. Administrasjonen vurderer føreliggande plan som den mest tenlege løysinga for å ivareta flest interesser i både området og regionen. Omfanget av SSP syner til å vere i samsvar med framtidige parkeringsbehova i høve til venta tal besøkande.

For sluttbehandling og forslag til vedtak i saka vektleggast betring av kultur –og fritidstilbod og vern av landbruksareal.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår rådmannen at planforslaget Privat detaljreguleringsplan for Steinvik, gbnr 88/6 mfl - akvakultur/visningssenter/museum, planid 20200110 vert vedteken.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Miljømessige konsekvensar:

Tiltaket vil føre til ei mindre auke i trafikkmengd.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan –og bygningslova med forskrifter.

Vedlegg i saken:

Innkomne merknadar høyring Steinvik

(Oppdaterte) Føresegner - Steinvik Fiskefarm - gbnr 88/6 m.fl


Kinn - gbnr 88/6 - Steinvik Fiskefarm - detaljregulering - trekking av motsegn

Planomtale Steinvik Fiskefarm gbnr 88/6 mfl

V1_Skredfarevurdering ved gbnr. 88_6 m. fl. ved Steinvik i Flora kommune

Plankart_Steinvik_20200611_Rev1_A1-L

Kinn - (Flora) - gbnr 88/6 - Steinvik Fiskefarm - detaljregulering - trekking av motsegn



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/21	Oppvekst- og kulturutvalet	26.01.2021
017/21	Kommunestyret	18.02.2021

Retningslinjer kunst for OK-utval

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet godkjenner den nye retningslinjene for kunst i kommunale bygg og uterom som føreligg i oppdatert versjon. Desse retningslinjene skal vurderast innarbeidd i alle planar i Kinn kommune.

Oppvekst- og kulturutvalet 26.01.2021:

Handsaming:

Sakshandsamar Margit Drivenes Kløvfjell orienterte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 009/21 Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet godkjenner den nye retningslinjene for kunst i kommunale bygg og uterom som føreligg i oppdatert versjon. Desse retningslinjene skal vurderast innarbeidd i alle planar i Kinn kommune.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Sak utsett til møte i kommunestyret 25.03.2021.

KOST- 017/21 Vedtak:

Sak utsett til møte i kommunestyret 25.03.2021.

Bakgrunn for saka:

Hausten 2020 handsama OK-utvalet, Formannskapet og Kommunestyret retningslinjer for eit kunstutval i Kinn kommune – desse retningslinjene foreslo at eit eige kunstutval skulle tre i kraft når føresegner i ein av kommunens arealplanar krevde det. I tillegg vart det foreslått at kunstutvalet skulle handtere vurdering av større kunstgåver til Kinn kommune.

Etter vedtak i OK-utvalet, Formannskapet og Kommunestyret bestemte ein at kommunen ikkje skal ha eit eige kunstutval. Oppgåvene som ville utløyst oppnemning av eit kunstutval skal ligge til OK-utvalet. I det samband måtte det utarbeidast eit nytt forslag til retningslinjer for handtering av kunst i det offentlege rommet i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Merk at vedlegg «Retningslinjer kunst for OK utval» er den gjeldande versjonen av retningslinjer for handsaming av kunst i Kinn kommune.

For tidlegare sakshandsaming sjå sak som oppmeldt i OK-utvalet 22. september og 27. oktober 2020. Det er gjort endringar og presiseringar i retningslinjene som følgje av at det vart vedteke å ikkje opprette eige kunstutval. Ei kort utgreiing av desse følgjer under. Det er òg gjort nokre presiseringar kring saksgang og ansvarsfordeling i behandling av kunstsaker.

Vurderingar:

For god gjennomføring av utsmykningsprosjekt er det viktig med ein tydeleg saksgang. I retningslinjene for handsaming av kunst for OK-utvalet er det difor no gjort nokre klargjeringar for den framtidige sakshandsaminga, samt kven som skal ha ansvar for oppstart og oppfølging av utsmykningsprosjekt. Saksutgreiinga ligg til kommunedirektøren og administrasjonen, medan eit ad hoc utval nedsatt av Ok-utvalet blir forlagt ei fagleg utgreiing dei behandlar. Ad hoc utvalet har innstillingsmynde ovanfor OK-utvalet. Det vert administrasjonen som har ansvar for at det vert framlagt ei fagleg vurdering.

Formannskap skal ha presentert sakar med økonomisk konsekvens for kommunen, og vurdere om saka må vidare til kommunestyre. For utsmykningsprosjekt er det ønskjeleg at den økonomiske utgreiinga vert lagt til oppstarten av byggeprosjekt og vert med i saksutgreiinga om dei generelle økonomiske rammene til byggeprosjektet.

For eventuelt mottak av kunsgåver vil administrasjonen forberede og legge fram sak for OK-utvalet. Det er då opp til OK-utvalet å komme med vedtak. Der eventuelt mottak av gåve vil gje økonomiske konsekvensar for kommunen skal saka vidare til formannskap, og om naudsynt kommunestyret.

Gjennomføring av utsmykningsprosjekt vil gå over tid. For å sette dette i system er det eit forslag at det vert innarbeid i rutinane til prosjektleiar at vedkomande har ansvar for å sette i gong rutiner for utsmykningsprosjekt i samband med oppstart av byggeprosjekt og varslar kulturavdelinga om at det skal startast opp eit utsmykningsprosjekt.


For tidlegare vurderingar i saksutgreiinga sjå vedlegg av tidlegare saksframlegg. Merk at det her er gjort nokre endringar i foreslått saksgang.

Vedlegg i saken:

Kunst i offentleg rom

Kunst i offentleg rom

Retningslinjer kunst for OK utvalet



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/21	Kommunestyret	18.02.2021

Søknad om skjenkeløyve - Pop-Up Norge AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre delegerer til kommunedirektøren å gjere følgjande vedtak når naudsynt dokumentasjon ligg føre, manglande dokumentasjon er firmaattest:

Pop-Up Norge AS (under etablering), ved dagleg leiar Tor Morten Hoddevik, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen Restaurant, Gate 1, Måløy.

Løyvet gjeld til og med 30. september 2024.

Godkjent styrar: Tor Morten Hoddevik, født 07.05.1981

Godkjent stadavløysar: Kristina Myrseth, født 31.07.1987

Godkjent lokale: Kraftstasjonen Restaurant, inne og ute på balkong mot Sjøgata, jfr. godkjente teikningar

Type verksemd: Restaurant med spiseplikt, bar og cateringverksemd

Alkoholvarer: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, inntil 60% alkohol

Vilkår:

Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkoholova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Kraftstasjonen Restaurant	08.00-02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Kommunedirektør Terje Heggheim orienterte. Kinn kommune har mottatt manglande dokumentasjon og kommunestyret kan gje løyve direkte.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt endra framlegg samrøystes vedtatt.

KOST- 018/21 Vedtak:

Kinn kommunestyre gjer følgjande vedtak:

Pop-Up Norge AS (under etablering), ved dagleg leiar Tor Morten Hoddevik, får løyve til servering og skjenking av alle sortar alkoholhaldig drikk i omsøkte og godkjente lokaler for dette, Kraftstasjonen Restaurant, Gate 1, Måløy.

Løyvet gjeld til og med 30. september 2024.

Godkjent styrar: Tor Morten Hoddevik, født 07.05.1981

Godkjent stadavløysar: Kristina Myrseth, født 31.07.1987

Godkjent lokale: Kraftstasjonen Restaurant, inne og ute på balkong mot Sjøgata, jfr. godkjente teikningar

Type verksemd: Restaurant med spiseplikt, bar og cateringverksemd

Alkoholware: Alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, inntil 60% alkohol

Vilkår:

Dei til ei kvar tid gjeldande statlege vilkår for skjenkestader, jf. Alkohollova med forskrift, og Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer for perioden 2020-2024.

Godkjende opnings- og skjenketider:

Skjenkestad	Skjenketider		Opningstider	
	Under 22 %	Over 22 %	Uteservering til	Ope til
Kraftstasjonen Restaurant	08.00-02.00	13.00 – 02.00	03.00	03.00

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har motteke søknad om skjenkeløyve frå Pop-Up Norge AS, selskap under etablering.

Dei ønsker å starte opp att Kraftstasjonen Restaurant, som la ned drifta si like før jul 2020.

Dei søker om løyve til skjenking av alle sortar alkohol.

Saksopplysningar:

Kristina Myrseth, som dreiv Kraftstasjonen ein kort periode før jul, har saman med Tor Morten Hoddevik etablert nytt selskap, Pop-Up Norge AS. Selskapet skal drive Kraftstasjonen Restaurant som restaurant med spiseplikt, bar og cateringverksemd. Dei opplyser at dei vil ha 18 års aldersgrense på staden.

Då Myrseth søkte om, og fekk skjenkeløyve før jul, skulle staden drivast som pop-up restaurant, for å teste ut marknaden. Difor søkte dei bare om skjenkeløyve fram til 20. desember 2020. Restauranten har vore stengt sidan.

Når ho no startar opp nytt selskap saman med Hoddevik, må dei søke om nytt løyve, der er ikkje eksisterande løyve som kan overdragast.

Vurderingar:

Pop-Up Norge kom litt seint i gang med søknadsprosessen om nytt skjenkeløyve, då dei trudde dei kunne drive i 3 månader på tidlegare drivar sitt løyve. Dei ventar på melding frå

Brønnøysundregisteret veke 6, som stadfestar etablering av det nye selskapet, og nytt organisasjonsnummer.

Kommunedirektøren ønsker å strekke seg langt for å imøtekomme ei hardt råka bransje i desse koronatider, og hjelpe næringsaktørar med oppstart av verksemdar, og ikkje vere ein forseinkande part i etablering av nye utestader.

Alkohollova seier at før kommunestyret avgjer søknaden, skal det innhentast uttale frå politi og sosialtenesta. HSO-utvalet har i saker etter alkohollova, fungert som sosialteneste, og gjeve uttaler når søknader om løyve har vore handsama. For å sleppe å vente til neste møte i HSO, med dertil forseinking i saksgangen, har kommunedirektøren denne gangen henta inn uttale frå NAV.

Søkjar har levert inn alle naudsynte dokument for at kommunen skal kunne handsame søknaden, bortsett frå firmaattest. Søknaden har vore handsama i samsvar med Alkohollova med forskrift, og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Kommunedirektøren rår til at løyve vert gjeve som framlegget viser.

Økonomiske konsekvensar:

Det vil i samsvar med gjeldande lovverk bli gjennomført kontroll med utføring av det gjeve løyvet. Dette vert utført av det kontrollselskap kommunen har avtale med. Vidare vil Kinn kommune kvart år krevje inn gebyr for å inneha kommunalt løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk. Dette gebyret skal dekke dei utgifter kommunen har med oppfølging og kontroll med det gjeve løyvet.


Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk av 02.06.1989, nr. 27 \(alkohollova\)](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 08.06.2005 nr. 538 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v](#) med seinare tillegg og endringar.

[Forskrift av 15.12.1994 nr. 1187 om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelavgjevinga.](#)

[Kinn kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer](#), godkjent i kommunestyre i sak 046/20, den 20. april 2020.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/21	Kommunestyret	18.02.2021

Klage på vedtak om godtgjersle til varaordfører

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vert lagt fram utan tilråding

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Framlegg fra MDG, foreslått av Odd Bovim, Kinn Miljøpartiet De Grønne

"Lovlegkontrollen vert ikkje teke til følge og vert oversendt statsforvalteren."

Røysting:

Framlegg frå MDG v/repr. Bovim, vedtatt mot 7 røyster (SP).

KOST- 019/21 Vedtak:

Lovlegkontrollen vert ikkje teke til følge og vert oversendt statsforvalteren.

Bakgrunn for saka:

Tre medlemer av Kinn Senterparti klager på siste fastsetting av godtgjersle til varaordfører. Sjå vedlegg.

Saksopplysningar:

Frå klagen tek eg med følgjande utdrag:

1. «Ordfører, varaordfører og formannskapet får ved konstituering ein beskyttelse ved at ingen kan krevje omval av desse posisjonane i kommunestyreperioden. Slik beskyttelse meiner vi også bør gjelde økonomisk godtgjersle for å sikre stabilitet og forutsigbarhet i politikken»
2. «Kinn Sp meiner at ved endring av reglemang må ein handsame reglemanget, og ikkje gjere løn til varaordfører til ei eiga sak, slik som her er gjort»

Vurderingar:

Kommunedirektøren legg opp til at kommunestyret sjølv handsamar klagen. I kommunelova § 8-4 vert det slått fast at det er kun kommunestyret sjølv som kan fastsette godtgjersler. Difor ser eg det som rett at det same gjeld ei eventuell klage på vedtak om godtgjersle.

Kommunedirektøren ser at enkeltmedlemer eller utval av folkevalde meiner at den økonomiske godtgjersla skal gjelde heile valperioden. Ei slik haldning er ikkje i samsvar med kommunelova. I kommentarutgåva til Overå og Bernt finn vi:

- *«Det tillegger det enkelte kommunestyret sjølv å gi forskrift om hvor stor godtgjøringen skal være, og i hvilken form den skal fastsettes.» (s 176).*
- *«Det kreves ikke at godtgjøringen fastsettes for ett år om gangen. Blir den fastsatt for lengre tid, kan kommunestyret når som helst ta opp spørsmålet om å endre godtgjøringen, for eksempel i forbindelse med behandlingen av det enkelte års budsjett. Godtgjøringen kan fastsettes så vel for et framtidig tidsrom som for et tidligere tidsrom.» (s. 177)*

Klagen er avgrensa til å gjelde godtgjersla til varaordføraren og ikkje sjølve funksjonen som ho vald til i heile perioden.

Med bakgrunn i lovteksten ovanfor, meiner kommunesdirektøren at kommunestyret har høve til å endre godtgjersla til varaordførar slik det er gjort.

Kommunestyret må sjølv ta stilling til klagen.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:


«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Klage på vedtak om godtgjersle for varaordførar

Kopi av vedtak

Kopi av val til nye utval



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/7457
Sakshandsamar: Arne Schei
Dato: 11.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/21	Kommunestyret	18.02.2021

Interpellasjonar/spørsmål

Underliggende sak:

001/21, Interpellasjon til kommunestyret

002/21, Interpellasjon fra Kinn SP - Utsteding av parkeringsbevis for bevegelseshemmede i Vågsøy

003/21, Spørsmål om oppfølging av plan og byggesak

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:


Interpellasjon frå SV v/M.Ø.Jensen utsatt til kommunestyremøte 25.03.2021.

Interpellasjon frå SP v/repr. Egeberg vart lest opp, svart på av ordførar Ola Teigen, debattert, men ikkje votert over.

Interpellasjon frå Raudt var orientert om og svart på av ordførar Ola Teigen.

KOST- 020/21 Vedtak:

Ingen vedtak.



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 21/7295
Sakshandsamar: Ola Teigen
Dato: 10.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/21	Kommunestyret	18.02.2021

Interpellasjon til kommunestyret


Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

KOST- 001/21 Vedtak:

Vedlegg i saken:

Fwd Interpellasjon til kommunestyret



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 21/7186
Sakshandsamar: Ola Teigen
Dato: 09.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/21	Kommunestyret	18.02.2021

Interpellasjon fra Kinn SP - Utsteding av parkeringsbevis for bevegelseshemmede i Vågsøy


Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

KOST- 002/21 Vedtak:

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv



Kinn kommune

Arkiv: TI-&29
JournalpostID: 21/7395
Sakshandsamar: Arne Schei
Dato: 11.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/21	Kommunestyret	18.02.2021

Spørsmål om oppfølging av plan og byggesak

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

KOST- 003/21 Vedtak:

Vedlegg i saken:

Følgjeskriv



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/21	Kommunestyret	18.02.2021

Innspel til RTP – 1. gongs handsaming – delegering av mynde til samferdsleutvalet

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre gir Kinn kommune sitt samferdsleutval mynde til å gi uttale i saka.
Samferdsleutvalet skal ta omsyn til innspel som kjem frå gruppeleiarane i si sakshandsaming.

Kommunestyret 18.02.2021:

Handsaming:

Røysting:

Ordførar sitt framlegg samrøystes vedtatt.

KOST- 021/21 Vedtak:

Kinn kommunestyre gir Kinn kommune sitt samferdsleutval mynde til å gi uttale i saka.
Samferdsleutvalet skal ta omsyn til innspel som kjem frå gruppeleiarane i si sakshandsaming.

Bakgrunn for saka:

Frist til å kome med innspel til RTP er 28. februar. Samferdsleutvalet vil ha møte 25. eller 26. februar.
Les meir om RTP her: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/regional-transportplan/>

Saksopplysningar:

Administrativt vert det arbeidd med saka i samråd med leiar i samferdselsutvalet.

Samferdselsutvalet har kompetanse til å uttale seg på vegne av kommunen i slike saker, men det er kommunestyret som må gi utvalet fullmakt til dette.

I følgje Vestland fylkeskommune så vil det kome fleire høyringar i saka seinare, men det er bra om våre innspel vert teke inn tidleg.

Mitt forslag er at kommunestyret ber samferdselsutvalet vedta uttale, men at gruppeleiarane får delta i utforminga av innspelet heilt fram til dagen før samferdsleutvalet gjer vedtak.

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»